

Fisketurisme, kystbygda si redning?

- Ein studie av fisketurisme i Finnøy kommune



Masteroppgåve i samfunnsgeografi

Arne Andreas Riisnes



Våren 2008

Institutt for Geografi

Universitetet i Bergen

Forord

Enkle vestlandsgutar er ikkje kjende for å spreie om seg med rosande ord. Men når eg no er komen ut på andre sida av eit masterstudium, er det ein del folk som fortener merksemd. Vegleiaren min Knut Bjørn Lindkvist skal ha mange takk for gode råd, og for at han alltid har tid til studentane sine. Finnøy Næringsforening har støtta denne oppgåva økonomisk, noko som gjorde det trivelege opphaldet mitt på Finnøy mogleg. Takk òg til Tor Brynjar Welander, og dei andre i Finnøy kommune, som tok vel imot meg og gav meg mykje nyttig informasjon.

Institutt for Geografi har vore ein flott stad å studere, med hjelpsame medstudentar og tilsette. Ikkje så mykje takk til kaffimaskina som har eit merkeleg lag til å ta betalt for kaffi som ho ikkje klarar å levere. Takk til tante Berit, som i siste liten freistar å betre nynorsken til ein som er meir oppteken av fisk enn rettskriving. Til slutt takk til dei heime som alltid har støtta meg på alle moglege vis. Og sist, men ikkje minst, takk til Marte som held ut med ein litt stressa masterstudent. No er eg ferdig.

Bergen, mai 2008

Arne Andreas Riisnes

Innholdsliste

FORORD	I
INNHALDSLISLE	III
LISLE OVER FIGURAR	VI
LISLE OVER TABELLAR	VII
LISLE OVER BILETE	VIII
LISLE OVER VEDLEGG	IX
1 INNLEIING	1
1.1 FISKETURISME SOM DISTRIKTSNÆRING	1
1.2 EIT FORSKINGSFELT I GRENSELAND	2
1.2.1 <i>Tidlegare forskning</i>	2
1.3 PROBLEMSTILLING	3
2 TEORETISKE PERSPEKTIV	7
2.1 PERSPEKTIV	7
2.2 REGION SOM FORSKINGSARENA	7
2.2.1 <i>Frå historisk omstilling til evolusjonær tankegang</i>	8
2.3 EIN REFLEKSIV ØKONOMI	9
2.4 DET RURALE, EIN NAUDSYNT KATEGORI I FORSKINGA PÅ DISTRIKTSNÆRINGAR	10
2.4.1 <i>Omstilling</i>	11
2.5 FISKETURISME OG GRUNNLAGET FOR VERDISKAPING I DISTRIKTA	12
2.5.1 <i>Fiskeopplevinga i produksjonskjeda</i>	12
2.5.2 <i>Produksjonskjeda</i>	13
2.5.3 <i>Turismeproduksjonskjeda</i>	13
2.5.4 <i>Den poststrukturelle produksjonskjeda</i>	15
2.5.5 <i>Turisten sin aktivitet og økonomiske verknadar</i>	17
2.6 TERRITORIELLE PRODUKSJONSSYSTEM	18
2.6.1 <i>Fisketurisme som territorielt produksjonssystem</i>	19
2.7 DEN TERRITORIELLE MATRISA	20
2.7.1 <i>Fisketurisme i territoriet</i>	21
2.8 BROT/KONTINUITET	22
2.9 KONVENSJONAR	24
2.9.1 <i>Konvensjonar i produksjonssystemet</i>	24
2.10 TEORETISK OPPSUMMERING	25
2.11 VITSKAPSTEORETISK POSISJON	26
3 METODISK DRØFTING	29

Innholdsliste

3.1	KRITISK REALISME- INSPIRERT METODOLOGI	29
3.1.1	<i>Metodiske implikasjoner</i>	30
3.2	PRAKTISK GJENNOMFØRING AV FELTARBEID	31
3.3	OM KVALITATIV METODE	31
3.3.1	<i>Førehandskunnskap og farging av forskingsprosessen</i>	32
3.4	DET KVALITATIVE INTERVJUET	34
3.5	PRODUKSJON AV DATA	35
3.6	DATAMATERIALETS KVALITET, RELEVANS OG TRUVERDE	37
3.7	UTVALET AV INTERVJUOBJEKT	38
4	FORSKINGSKONTEKST	43
4.1	REGION, KOMMUNE OG PRODUKSJON	43
4.2	RYFYLKE	43
4.3	FINNØY KOMMUNE	45
4.3.1	<i>Med den eine foten i åkeren, den andre på tilja og Vårherre i ryggen.</i>	46
4.3.2	<i>Dagens produksjon</i>	47
4.4	REGELVERK FOR FRITIDS/TURISTFISKE	48
4.4.1	<i>Definisjonen av ein fisketurist og fisketurismeverksemd</i>	49
5	FISKETURISMEVERKSEMDENE I FINNØY KOMMUNE	51
5.1	SAMANLIKNIINGSGRUNNLAG	51
5.2	SAMLA INNTRYKK AV DEI INTERVJUA VERKSEMDENE I FINNØY KOMMUNE	53
5.2.1	<i>Produksjonssystem og identitet</i>	55
5.2.2	<i>Bakgrunn for oppstart</i>	57
5.3	OPPFATTINGA AV POTENSIALE FOR SEG SJØLV OG REGIONEN	58
5.4	DET STADEIGNE PRODUKTET	58
5.5	SAMARBEID	60
5.6	KVA FISKEN HAR Å SEIE FOR FISKETURISMEN I FINNØY KOMMUNE	62
5.7	FISKETURISME OG FRAMTIDSVISJONAR	63
6	SEMJE OG USEMJE OM FISKETURISME	65
6.1	LOKAL ROLLEMODELL FOR TURISMEPRODUKSJON	65
6.2	OM DELTAKING I REISELIVSLAG OG SELSKAP	67
7	EMPIRISK TESTING AV DEN POSTSTRUKTURELLE PRODUKSJONSKJEDA	69
7.1	ER TURISMEPRODUKTET I DEI UNDERSØKTE VERKSEMDENE BASERT PÅ FISK?	69
7.1.1	<i>Turisten sin aktivitet</i>	69
7.2	PRODUKSJONSMESSIGE IMPLIKASJONAR	70
7.3	HOVUDAKTØRGRUPPE 2 SITT SYN PÅ FISKETURISME	73
7.3.1	<i>Fisketurisme i administrasjon og lokalpolitikk</i>	74
7.3.2	<i>Fisketurisme og tilknytninga til andre næringar</i>	75
7.3.3	<i>Fisketurisme og turismekompetanse</i>	78

Innholdsliste

7.4	HOVUDAKTØRGRUPPE 2 SINE KONVENSJONAR RUNDT TURISMEPRODUKSJON	80
7.5	RASJONALITET I HØVE TURISMEPRODUKSJON	81
7.6	AVSLUTTANDE DRØFTING	81
7.6.1	<i>Stadeigen næring</i>	83
8	KONKLUDERANDE KOMMENTAR	85
8.1	FORSLAG TIL VIDARE FORSKING	86
	REFERANSAR:	87
	INTERNETT:	90
	VEDLEGG:	A
	INTERVJUGUIDE FISKARAR	A
	INTERVJUGUIDE VERKSEMDER	B
	INTERVJUGUIDE HOVUDAKTØRGRUPPE 2	D

Liste over figurar

Figur 2-1 Forslag til modell over verdikjeda og verdiskaping.....	14
Figur 2-2 Forslag til modell av den poststrukturelle produksjonskjeda.....	16
Figur 2-3 Fisketurismeverksemder sin eigenart i høve spesialisering og samhandling.....	20
Figur 5-1 Inndeling av turistaktivitetar på ein skala frå generisk til dedisert	52
Figur 7-1 Illustrasjon av produksjonskonvensjon blant verksemdene (eiga forskning)	71
Figur 7-2 Samanstilling av produksjonskonvensjon i figur 7-1 og empiri i tabell 5-7 (eiga forskning)	72
Figur 7-3 Hovudaktørgruppe 2 sine ynskje for lokal turismeproduksjon	80

Liste over tabellar

Tabell 3-1 Kvalitativ meiningskategorisering etter tema	36
Tabell 3-2 Oversikt over verksemder	39
Tabell 3-3 Andre hovudaktørar som er intervjua	40
Tabell 3-4 Rolleforventingar og uttalegrunnlag for hovudaktørar (eiga forskning)	41
Tabell 5-1 Oversikt over turisttilbod hos dei ulike verksemdene (eiga forskning)	54
Tabell 5-2 Faktisk turistaktivitet i dei ulike verksemdene (eiga forskning)	55
Tabell 5-3 Meinings skjema over produksjonsidentitet (eiga forskning)	56
Tabell 5-4 Haldningar som syner motivasjon for oppstart (eiga forskning)	57
Tabell 5-5 Vurdering av produksjon (eiga forskning)	59
Tabell 5-6 Verksemdene sine samarbeidsformer (eiga forskning)	61
Tabell 5-7 Verksemdene sin framtidige strategi for utvikling (eiga forskning)	63
Tabell 6-1 Hovudaktørgruppe 2 sine meiningar om fisketurisme (eiga forskning)	66
Tabell 6-2 Fisketuristverksemdene om medlemskap i reiselivsorganisasjonar (eiga forskning)	67
Tabell 7-1 Politiske og administrative hovudaktørar sine haldningar til fisketurisme (eiga forskning)	75
Tabell 7-2 Andre marine næringar og haldninga til fisketurisme (eiga forskning)	76
Tabell 7-3 Hovudaktørar med turismekompetanse om fisketurismenæringa (eiga forskning)	79

Liste over bilete

Bilete 1 Teikning som syner Rogaland og Ryfylkeregionen (www.ryfylke.no)	43
Bilete 2 Oversiktsbilete over Finnøy kommune (www.norgeskartet.no)	45
Bilete 3 Hamna i Judaberg (Olsen, 2005)	46
Bilete 5 Båthamn klassifisert til høgaste standard av NHO-reiseliv (www.fisketurisme.no)	51
Bilete 6 Nøgde fiskarar ved sløyebordet der det er tilrettelagt med vatn og reingjeringsmoglegheiter (www.fisketurisme.no)	52
Bilete 7 Syner sløyemetode som i fylgje lokale fiskarar er dårleg utnytting av fisken (www.fisketurisme.no)	78

Liste over vedlegg

Intervjuguide fiskarar	A
Intervjuguide verksemdar	B
Intervjuguide hovudaktørgruppe 2	D

1 Innleiing

1.1 Fisketurisme som distriktsnæring

Spreidd busetjing og levedyktige bygder er kjenneteikn ved det norske samfunn som mange ynskjer å ta vare på. Ein ser likevel at økonomisk globalisering med auka konkurranse fører til ein meir krevjande kvardag for ressursbaserte næringar i distrikta. Men i den nye globale økonomien opnar det seg òg moglegheiter. Fiskeressursen vår, og auka turisme, har gitt grobotn til ei ny distriktsnæring, nemleg fisketurisme. Korleis ei slik næring kan skape verdiar i distrikta, og på kva måte lokale aktørar grip denne moglegheita, er tema som eg er interessert i. Denne masteroppgåva tilhøyrrer greina økonomisk geografi, og er ein studie av fisketurisme som næringsveg i ein liten øykommune på sør-vestlandet.

Turisme har i dag fått rolla som ei av dei viktigaste næringane i perifere område når det gjeld omstilling og næringsutvikling (Borch, 2004). Kystbasert turisme og fisketurisme har på nasjonal basis hatt ei stor vekst frå nittitalet og fram til i dag med tanke på kapasitetsauke. I kva grad ei slik utvikling tilkjem eit spekter av lokale næringar, er uvisst.

Framveksten av nye næringar bryt ofte med ein del førestellingar om korleis ressursar og ressursavkasting skal omfordelast og fordelast på nytt, og fisketurisme har på mange måtar kome brått på både fiskenæring og forvaltning. Fram til 1. juni 2006 var det til dømes inga regulering på kor mange kilo sjølvfanga fisk ein utanlandsk turist kunne ta med seg ut av landet. Denne mangelen på regulering resulterte i ein debatt om korleis fisk som naturressurs skal nyttast. Turistnæringa argumenterer med at fisketurisme bidreg til arbeidsplassar og økonomisk vekst i område som elles har opplevd nedgang og sviktande næringsgrunnlag. Samtidig må fisketurisme vere noko meir enn å få mest mogleg fisk på kortast mogleg tid. Korleis tilretteleggjarane vel å utnytte det potensialet som ligg i at eit stort tal turistar vitjar kyststrok for å fiske, vil vere utslagsgivande for kor stor avkastinga på fiskeressursen er.

Mange teoretikarar innan geografisk økonomisk teori argumenterer for at ein stad si evne til å absorbere og skape ny økonomisk aktivitet er avhengig av lokale høve som er nedfelt i staden, og at dette skapar geografiske mønster som særleine produksjonsregionar. I ei vidareføring av denne tankegangen vil det seie at det er dei lokale aktørane på ein stad som legg premissane

for korleis ein stad kan nyttiggjere seg globale strukturelle endringar som fisketurisme representerer.

Denne oppgåva tar for seg fisketurisme som distriktsnæring i Finnøy kommune i Rogaland. Her har eg intervjuar aktørar som driv med fisketurisme og andre aktørar som er tilknytt næringa, men òg personar som har eit overordna perspektiv på næringsutvikling i regionen som til dømes banksjef og næringskonsulentar. I arbeidet mitt søkjer eg å auke det generelle kunnskapsnivået mitt om produksjonen innan fisketurisme, samtidig som eg vil prøve å avdekke djupare strukturar og meiningsdanning rundt det å drive med fisketurisme. Dette vil gje grunnlag for å drøfte på kva måte fisketurisme er med på å skape lokal økonomisk vekst i ein distriktskommune som Finnøy.

1.2 Eit forskingsfelt i grenseland

Fisketurisme i kyststrok er eit relativt nytt fenomen, i alle fall i den utbreiing næringa har i dag (Borch, 2004). Dette betyr òg at tilgangen på tidlegare forskning ikkje er stor, og det gjer arbeidet nytt og spennande. Samtidig er det utfordrande å ikkje kunne støtte seg til tidlegare forskingsarbeid i noko særleg grad. Dessutan vil innfallsvinkelen til denne oppgåva vere i eit grenseland mellom å etablere ny kunnskap om næringa, og teoriutvikling om korleis lokale kulturelle høve gjev sitt utslag i ein stad si evne til å omstille seg og utvikle fisketurisme som ei ny næring.

1.2.1 Tidlegare forskning

Trude Borch (2004) har skrivne ein artikkel der ho nettopp peikar på manglande kunnskap om fisketurismenæringa. Samtidig framhevar ho kor viktig det er å fokusere på fleire faktorar i forvaltninga av fisketurisme, enn berre netto verdiskaping per kilo fisk. Det er vanskeleg å vurdere kva verdiar fisketurisme genererer. Borch (2004) hevdar at det er lite fokus på studiar med hypoteseutprøving for å vurdere kva verdiar fisketurisme genererer, kva er til dømes turisten villig til å betale for opplevinga, og kva multiplikatoreffektar vert genererte lokalt?

Når det gjeld utbreiinga av fisketurisme nasjonalt, og fakta om ressursuttak og inntening, eksisterer det òg lite forskning. Havforskningsinstituttet i Bergen er i planleggingsfasen med å kartlegge og estimere det totale uttaket av fisk gjort av turistar i Noreg, men tala frå desse

undersøkingane er ikkje klare. Statistikken som per i dag vert rekna som mest påliteleg på området er presentert av Hallenstvedt og Wulf (2004). Dei har funne ut at det i 2002 er over 900 verksemdar som tilbyr fiskemoglegheiter i sjø, og at 70% av verksemdene vart etablert det siste tiåret. Desse verksemdene representerer til saman ca 30 000 sengeplassar. Tek ein med utleigebyrå og utanlandske turistfiskeoperatørar som tilbyr sengeplassar tilknytt fiske i sjø, kjem talet opp i over 46 000 sengeplassar. Dette må reknast som ein betydeleg del av den norske reiselivsmarknaden.

Etablering av fisketurisme føregår på mange ulike måtar, men det er i hovudsak lokale og private initiativtakarar bak (Hallenstvedt et al., 2002). Dei 46 000 sengeplassane som er tilgjengelig for fiske i sjøen, fordeler seg nokolunde jamt over heile Noreg. Men ein finn likevel regionale forskjellar om ein ser på korleis utleigeverksemda er organisert. I Nord-Noreg er det i hovudsak private verksemdar som driv i marknaden med privateigd fisketurisme, mens det i større grad vert ei tredeling ned mot Sørlandet der det er ei jamn deling mellom slike verksemdar, utleigebyrå og utanlandske operatørar (Hallenstvedt et al., 2002).

Det er forsøkt å gjere fleire berekningar på kva fisketuristane sitt totale konsum av varer og tenester i Noreg er. Hallenstvedt og Wulff estimerte i 2000 det totale konsumet til å vere på 2,3 milliardar kroner. På den andre sida vart estimeringa av det totale fiskeuttaket sett til 12-15000 tonn.

1.3 Problemstilling

Fisketurisme har altså ikkje etablert seg fullstendig som næringsomgrep enno. Og mine undersøkingar om kva informasjon som er tilgjengeleg om fisketurisme kan tyde på at kunnskapen om næringa heller ikkje er etablert. Det eksisterer ingen felles meiningshorisont i høve kva fisketurisme er, kva moglegheiter den fører med seg, og vidare korleis eit forskingsprosjekt med fisketurisme som hovudtema skal utførast. Med dette som bakteppe vert det desto viktigare å avgrense kva denne oppgåva skal fokusere på, nemleg; fisketurisme som distriktsnæring og korleis næringa utviklast av dei som satsar på fisketurisme.

1. Innleiing

Om ein stiller vide spørsmål, kan ein få vide svar. Om eit spørsmål er for spesifikt, kan ein gå glipp av annan informasjon som kunne vore nyttig. Dette vert innleiingsvis ei metodisk avgjerse basert på om ein har ynskje om å få innsikt i ein spesifikk situasjon og tema, eller ei brei tilnærming der ei kvar ny innsikt vil vere verdifull innsikt. Eg vel å la førehandskunnskap og teori styre forskningsspørsmåla mine. På denne måten tar eg eit deduktivt atterhald om at kunnskapen som eksisterer, og teoriane som mine funn skal setjast opp mot, er viktige for å seie noko nærare om fisketurisme som distriktsnæring.

Hovudproblemstillinga for denne masteroppgåva er:

Kan fisketurisme i Finnøy kommune danne grunnlag for turisme med eit innhald som vil revitalisere eit spekter av lokale næringar?

For å kunne drøfte hovudproblemstillinga vil eg gjere undersøkingar ut i frå teoriar som framhevar lokalt aktørskap, samtidig som eg meiner at fisketurismenæringa innehar nokre eigenskapar som er sær eigen for denne næringa. Difor vil undersøkingane mine basere seg på underproblemstillinga som følgjer:

”Er fisketurismenæringa i Finnøy kommune ei refleksiv og stadeigen næring, og vil ei alternativ forklaring av produksjonskjeda innan turisme forklare utviklingstrekk blant fisketurismeverksemdene i Finnøy kommune?”

Denne underproblemstillinga har to fokus. For det første spør eg om refleksivitet og stadeigenskap i fisketurismenæringa. Dette er teoretiske omgrep som seier noko om det lokale produksjonsmiljøet, dette vert forklart tydeleg i teorikapitlet. Men for å svare på problemstillinga sin første del lyt eg kartleggje korleis det vert drive fisketurisme i Finnøy kommune, og vidare kva motiv og framtidige ynskje aktørane bak fisketuristverksemdene har. Problemstillinga sin andre del opnar for teoridiskusjon om korleis fisketurisme passar inn i ei alternativ produksjonskjede, og korleis denne kjeda kan forklare utviklingstrekk blant fisketuristverksemdene. Vidare vil undersøkingane mine ligge til grunn for ei drøfting rundt kva som gjer denne næringa til ei distriktsnæring med økonomisk potensiale i ein distriktsregion.

1. Innleiing

Allereie innleiingsvis i denne oppgåva vil eg kome med eit forskingsmessig argument. Dette argumentet knyter saman dei teoretiske implikasjonane dette arbeidet introduserer med dei resultat eg forventar å finne i studieområdet.

Argument:

”Sjølv om fisketurisme er ei næring som skapar store økonomiske verdier for verksemder i distrikta, er det likevel ikkje sikkert at næringa skapar store økonomiske ringverknader i dei områda aktiviteten finn stad. Dette skuldast for det første at fisketurisme som aktivitet kan vere eit enkelt standardprodukt basert på fiskeressursen, og for det andre at det lokale produksjonsmiljøet der fisketurismen finn stad, ikkje utviklar næringa med det naudsynte fokus på å implementere lokal kultur og tradisjonar, og at det ikkje eksisterer nokon utprega kultur for samarbeid.

Argumentet skal gå som ein raud tråd gjennom den teoretiske og empiriske delen av oppgåva. Argumentet syner at det er naudsynt med teoridrøfting både rundt fisketurisme som næring, og det lokale miljøet og strategiane for å utvikle næringa. Denne teoridrøftinga fylgjer i neste kapittel.

2 Teoretiske perspektiv

2.1 Perspektiv

I dette kapitlet vil eg etablere det teoretiske fundamentet for tilnærminga mi mot fisketurisme. Fyrst vil eg plassere temaet fisketurisme inn i fagtradisjonen geografi, for så å vise korleis fisketurisme innehar eit potensiale for økonomisk gevinst i rurale områder. Deretter vil eg knyte teoriar om lokale produksjonssystem og konvensjonar opp mot fisketurisme for å analysere fisketurismenæringa i Finnøy kommune.

I oppgåva mi fokuserer eg på kva det næringsmessige har å seie for utvikling i ein periferi, når fisketurisme i Finnøy kommune går i retning av ei reflektiv og stadeigen næring, og kva eit alternativt syn på produksjonsskjeda innan turisme har å seie for den lokale produksjonen innanfor fisketurismenæringa. Eg ser eg oppgåva mi i samanheng med den evolusjonære og intitusjonelle regionalgeografien. Dette betyr at eg vil setje tenkinga om regional utvikling inn i ein historisk kontekst, for å gje substans til temaet fisketurisme og klargjere korleis denne oppgåva føyar seg inni rekka av tenking rundt regional utvikling. I tillegg til dette vil eg og klargjere meininga med, og definere omgrep som er sentrale for oppgåva. Eg vil i høgst mogleg grad konsentrere meg om teoriar som fokuserer på produksjon og samhandlinga mellom aktørane og dei lokale kapasitetane på ein stad.

2.2 Region som forskingsarena

Nedgang i folketalet, ein-sidede næringsmiljø og fråflytting er omgrep som ofte vert nytta for å gjere opp status for det rurale Noreg i dag. Overføringar til distrikta, valsistem og støtteordningar vitnar likevel om at det kanskje er ein politisk vilje til å oppretthalde ei spreidd busetjing og å ta i bruk det rurale som ein arena for næringsverksemd. Teknologeutvikling og kapitalakkumulering har i mange høve sett i gang prosessar som har ført til ei økonomisk rasjonalisering, som òg er ein global trend. I ein slik rasjonaliseringsprosess går gamle produksjonsregime tapt mens nye oppstår. Viss eit produksjonshegemoni i eit område vert verdiløst, får dette konsekvensar langt utover det produksjonsmessige, og omstilling lyt til for å halde på regionen som eit levedyktig område.

Hansen og Selstad (2003) spør om regional omstilling er strukturbestemt eller styrbar. Svaret dei argumenterer for er at det er samspelet mellom strukturar og aktørar som fører til regional omstilling. Dette samspelet har på nytt blåst liv i regionen som forskingsarena for geografar, og det er i skjeringfeltet mellom strukturane i eit område, teknologien og organiseringa til aktørane at nyare økonomisk geografisk teori finn sitt utgangspunkt.

2.2.1 Frå historisk omstilling til evolusjonær tankegang

I åra etter 1945 starta staten med ein effektiv distriktsprofil gjennom industrialiseringspolitikk. Målet var å ”bygge” landet og ta i bruk det som var til rådvelde, og staten gjekk inn som eigar og kapitalgarantist i distrikta for å sikre økonomisk vekst. Med etableringa av Distriktenes utbyggingsfond på 1960- talet syner staten ein intensjon om å ”spreie” utviklinga og nøre opp under private etableringar. I tillegg var den politiske målformuleringa at busetjingsmønsteret i Noreg skulle oppretthaldast (Hansen and Selstad, 2003). Europeiske teoretikarar som Schumpeter, Perroux og Boudeville gav teorigrunnlag til tanken om vekstpoler og vekstsenter. Innovasjon vart sett på som vegen til omstilling, og innovasjon skjedde innanfor dei drivande nøkkelindustriane. Ein vekstpol skulle forståast som eit geografisk område med eit industrielt miljø som fylgje av opphoping av industri. Norsk regionalplanlegging gjorde det difor til eit poeng å samlokalisere verksemdar for å skape vekstsenter (Hansen and Selstad, 2003). Vekstsentertankegangen finn ein og att i dagens tankegang rundt næringsshagar, kunnskapsparkar og liknande. Allereie på 1960- talet vart akkvisisjonsstrategiar presentert som ein måte å oppnå lokal utvikling og omfordeling av industriverksemd. Akkvisisjon gjekk ut på at ulike områder skulle trekke til seg verksemdar og investeringar utanfrå ved å gjere plassen attraktiv (Lindkvist, 2004). Denne strategien kan ikkje seiast å vere vellukka med tanke på utanlandske aktørar sidan Noreg er eit høgkostland, men statleg initiert akkvisisjon med utflytting av offentlege institusjonar har bidrege om ikkje til stor regional utvikling, så i alle fall til oppretthalding av somme arbeidsplassar i distrikta.

På byrjinga av 1980 talet vart Buvik- utvalet skipa. Staten sin resept mot minkande overskot og nedbemanning i hjørnesteinsverksemdar hadde vore motkonjunkturpolitikk med subsidier. Buvik- utvalet konkluderte med at ein måtte ha ein gjennomgripande næringsomstillingspolitikk for plassar som var ramma av nedgang. Buvik- utvalet hadde to hovudstrategiar for omstilling, den eine var retta mot hjørnesteinsverksemdar som måtte reorganisere produksjonen sin slik at den kunne produsere lønnsamt på sikt. Den andre

strategien var ein stadutviklingsstrategi der stimulering til nyutvikling og etablering av verksemdar basert på lokale ressursar stod sentralt (Lindkvist, 2004).

Den utviklinga som er skissert ovanfor syner overgangen til den meir evolusjonære forklaringsmodellen innan regional omstilling. Strukturelle endringar legg føringar, men som Hansen og Selstad (2003) poengterer, er det aktørar i samspel med strukturar som er med å omstille ein stad. På same måte syner det eit skifte frå eksogen omstillingsstrategi til endogen strategi, kunnskapen om ein plass sine eksisterande føresetnader for utvikling, og kva retning ein stad har moglegheit for å utvikle seg i, vert meir vektlagt.

Skifte frå eksogen til endogen omstillingsstrategi syner òg ei erkjenning av at rurale område har eit sett med haldningar, ressursar og ei organisering som skapar ein spesiell kapabilitet i høve å nyttiggjere seg lokale så vel som utanforståande ressursar. Regional omstilling må difor forståast som ein djuptgripande prosess som ikkje berre endrar materielle høve, men og tankesett og tradisjonar rundt korleis ein organiserer produksjon og evner å implementere nye føresetnader for produksjon (Hansen and Selstad, 2003).

2.3 Ein refleksiv økonomi

Refleksivitet vert definert som ein: ” *process through which we are able to reflect on what we know, how we come to know it, and how we interact with others. The key point is that we are able to change aspects of ourselves and the structures that make up society in the light of these reflections* ” (Crang et al., 2005:308).

I denne oppgåva spør eg om fisketurismenæringa i Finnøy kommune kan danne grunnlag for ein turisme som kan revitalisere staden, og vidare om næringa er refleksiv og stadeigen. Derfor lyt det forklarast korleis ein i denne samanhengen skal forstå refleksivitet og stadeigenskap. Storper (1997) peikar på at innovasjonsutvikling og læreprosessar er viktig for ei verksemd i eit økonomisk system prega av konkurranse, og at eit steg i retning overleving er å tenke over sin eigen posisjon og korleis ein sjølv kan påverke den økonomiske situasjonen. Økonomisk refleksivitet vert altså ein handlingsmåte som omfattar kunnskap om seg sjølv og verda rundt, og til dømes korleis ein kan få konkurransefortrinn ved å implementere denne kunnskapen i nye næringar og unike produkt.

Som nemnt innleiingsvis er fisketurisme ei utbreidd næring langs heile norskekysten, og dei ulike stadane er på mange måtar i konkurranse med kvarandre. Difor er det interessant å innlemme refleksivitet og stadeigenskap som forskingsmessige kategoriar. Ryfylke og Finnøy kommune har ei rik kulturhistorie og lokale eigenskapar som allereie er nytta innan kommersiell turisme. Ut i frå tanken om ein refleksiv økonomi kan aktørar innan fisketurismeindustrien velje å ta i bruk lokale særtrekk og tradisjonar for å differensiere produktet sitt og utnytte det kommersielt. Refleksivitet skal derfor i denne oppgåva tolkast som ein kapasitet ved verksemdene som aktivt fokuserar på å ta i bruk sin geografiske og næringsmessige posisjon for å skape eit unikt og nytt produkt. Stadeigen skal forståast som dei lokalt forankra særtrekka staden har, det vere seg immaterielle så vel som materielle høve.

2.4 Det rurale, ein naudsynt kategori i forskinga på distriktsnæringar

Omgrepet ruralitet, eller å definere noko som å vere ”i rurale områder” meiner Halfacree (1993) er eit ”tatt for gitt” ord. Ruralitet vert ofte sett saman med andre omgrep der det rurale vert ein konteinar av visse eigenskapar utan å spesifisere kva desse eigenskapane er. I beste fall vert ruralitet eit positivistisk omgrep som innehar visse parameter for å kunne avgjere om eit område er ruralt eller ikkje. I lys av eit meir postmoderne syn kan ein spørje seg om det finst rurale områder i det heile, eller om det er ein konstruert kategori oppretthalden av diskursiv makt som ein måte å dikotomisere ulike eigenskapar mellom sentrum og periferi. Å finne ein altomfattande definisjon på kva ruralitet er, synest nesten å vere umogleg, og det vil i mange høve ikkje vere ynskjeleg fordi definisjonar i seg sjølv har eigenskapen av å sette ei grense av kva som skal innlemmast i eit omgrep og kva som ikkje skal det. Dette gjer det mogleg for forskinga sjølv å kunne gje ein kontekstuell definisjon av kva ruralitet skal vere. Dette impliserer vidare at forskaren lyt ha eit reflektert forhold til korleis han nyttar ruralitetsomgrepet, slik at det ikkje vert eit ”tatt for gitt ord” som berre peikar på alt anna enn det urbane og sentrum (Halfacree, 1993).

I denne oppgåva vil eg nytte ruralitetsomgrepet som ein middelveg mellom empirisme og post modernisme. I forhold til fisketurisme og omstilling vil eg argumentere for at rurale område har visse eigenskapar i seg sjølv som får konsekvensar for omstillingsstrategiar. Døme på dette kan vere tilgang på arbeidskraft, avstand til marknad, avstand til utdanningsinstitusjonar, ressursgrunnlag, osv.. Vidare vil eg òg peike på at sosio- kulturelle forhold som koplinga

mellom det fysiske og det mentale lagar representasjonar av det rurale som dernest vert ”pløgd” tilbake i rommet og set rammer for utvikling, jamfør representasjonenes rom og rommets representasjonar (Hansen and Simonsen, 2004). Det er nettopp denne dynamikken mellom rommet og dei skapte handlingsmønstra som gjev mening til til dømes Crevoisier (2004) sin ”rupture/filiation process” der han meiner at eit område omstiller seg ved å mobilisere ressursane frå fortida og adapterer ny teknologi som skaper ny kunnskap som deretter set sitt nye ”avtrykk” i regionen (Crevoisier, 2004). Ruralitet får altså i denne samanhengen både ein funksjonell dimensjon og ein sosio- kulturell dimensjon (Halfacree 1993).

2.4.1 Omstilling

Å ta i bruk eit ruralt område tiltenkt ei ny form for produksjon krev omstilling. Oppgåva har ikkje omstillingsprosessen som hovudfokus, men det gjev likevel mening å innlemme omstillingsperspektivet nettopp fordi fisketurisme er ei ung næring som i mitt forskingsområde på Finnøy spring ut i frå meir tradisjonelle næringer. Overgangen frå tradisjonell gardsproduksjon eller fiskeproduksjon til turisme er ei omstilling til ei meir marknadsretta verksemd. I denne prosessen får aktiviteten eit nytt innhald. Marknadsorientering kan i fisketurismesamanheng vere å tilpasse verksemda si til dei ynskje turistane måtte ha, og å vere i stand til å endre tilbodet i takt med endra preferansar hjå turistmassen (Mehmetoglu, 2007).

Denne marknadsorienteringa gjev grunnlag for å innlemme den rurale sosio-kulturelle dimensjonen i høve fisketurisme fordi identitet òg vil legge premiss for produksjon. Ein rural identitet er gjerne meir knytt opp mot primærnæringer og dei tradisjonelle næringane, enn ein urban identitet. Korleis gjev dette utslag i høve overgangen frå primærproduksjon til turismeproduksjon?

2.5 Fisketurisme og grunnlaget for verdiskaping i distrikta

I det vidare vil eg vise korleis fisketurisme som relativt ny næring kan sjåast i samanheng med den evolusjonære geografien, korleis marknadsaktørar i ein rural kommune kan ta i bruk globale endringar og kommersialisere lokale ressursar formidla som opplevingar. Det er underforstått i denne samanhengen at ei næring skal skape verdiar. Å fastslå konkret kva verdiar som vert skapt av fisketurisme kan vere særst vanskeleg. Sidan fisketurisme er ein ny type kommersialisering av fiskeressursen, er det naturleg å fokusere på kor mykje pengar fisketuristar brukar på heile opplevinga, både på reise, leige av hytter, båtar, mat osv (Borch, 2004). Hallenstvedt og Wulff estimerte som nemnt det totale konsumet av varer og tenester frå fisketuristar konsumert i Noreg til å vere på 2,3milliardar kroner i 2000.

Når ein talar om lokal verdiskaping, lyt ein bruke andre parameter. Hallenstvedt og Wulff sine overslag innlemmar i verdiskapinga konsum av varer og tenester som er produsert langt vekk frå det geografiske området fisketuristen har sin hovudsyssel, nemleg å fiske. Eg erkjenner at aktivitet generert av fisketuristar som til dømes konsum av drivstoff, mat på reisa og reise med bilferjer og liknande bidreg i positiv retning på brutto nasjonalprodukt, men det er turistkonsumet lokalt og potensialet som ligg i at turistar vel å oppleve akkurat ein spesifikk stad eller aktivitet, som vil vere denne oppgåva sitt fokus. Korleis dette kan generere verdiar lokalt vert vist med eit nytt perspektiv på produksjonskjeda.

2.5.1 Fiskeopplevinga i produksjonskjeda

I fylgje Andersson (2007) formidlar turistnæringa opplevingar. Fisketurismeaktørar kan altså berre leggje til rette for opplevingar, mens sjølve opplevinga finn stad i hovudet på dei som opplever produktet når dei konsumerer det. Dette perspektivet er interessant i næringsutviklingssamanheng fordi det for det første utfordrar tilbydaren av turistaktivitetar i høve marknadsretting, og for det andre får det konsekvensar for korleis ein tilbydar vel å utvikle eit turistprosjekt.

2.5.2 Produksjonskjeda

Peter Dicken definerer produksjonskjeda slik: *"a transactionally linked sequence of functions in which each stage adds value to the process of production of goods or services"* (Dicken, 1998:7).

Produksjonsøkonomien vert referert som ei kjede. Denne kjeda startar ofte med primærproduksjon i primærnæringar som jordbruk, fiske eller gruvedrift. Resultatet eller produktet frå desse næringane vert kjøpt opp og går vidare som innsatsfaktorar i ei annan næring som vidareforedlar desse varene som igjen går vidare til ny verdiskaping i ein anna produksjon. Talet på verksemder som har kontakt med det opphavlege produktet aukar utover i kjeda (Porter, 1998:, Andersson, 2007). Denne produksjonskjeda endar som oftast opp med at ein konsument kjøper vara og betalar for ho, konsumet er siste ledd i produksjonskjeda (Andersson, 2007).

Vatne (1995) seier at kvar arbeidsoperasjon i produksjonskjeda er ein teknologisk avgrensa funksjon der det mellom kvar operasjon vert ein transaksjon ettersom produktet flyttar mellom ein stad til ein annan, disse transaksjonane forklarar prisauken produktet får på vei til konsument. Vidare vil det i dei ulike ledda vere ei konstant vurdering mellom produksjonsresultat og innsatsfaktorar, og det vil i mange høve vere tilbakeverkande koplingar som gjev informasjon om vurderinga av produktet bakover i produksjonskjeda. Dette er ikkje berre eit "einvegs" system (Edgington and Hayter, 1997). Langs ei produksjonskjede vil det òg eksistere geografiske strukturar der for eksempel avstand mellom råvare og marknad spelar inn. Regionar vil òg vere i konkurranse med kvarandre om å ta del i raffinering av eit produkt, fordi økonomisk aktivitet har positive verknader lokalt (Edgington and Hayter, 1997). Med andre ord så vil ein kvar produksjonsstad sin aktivitet vere viktig for økonomisk utvikling på den staden produksjonen føregår.


2.5.3 Turismeproduksjonskjeda

Andersson (2007) hevdar at det aller viktigaste leddet i turistindustrien er konsumeringa av goda som vert produsert. Det vert peika på at produksjonen ikkje finn stad før turisten deltek i foredlinga av vara, at turisten faktisk er ein bestanddel av produktet. Slik vert omgrepa turismeproduksjon og turismekonsum skapt. Dette synet vert grunngeve med at prosessen turisten føretekk med testing, vurdering og planlegging til det siste leddet, nemleg konsumeringa, i og for seg er heilt lik ei verksemd si vurdering av innsatsfaktorar i deira

2. Teoretiske perspektiv

produksjon. Ein kan altså gå så langt som å seie at turistane i enkelte tilfelle tek over produksjonen i fleire av produksjonskjedeledda på veg mot det ferdige produktet som er turismekonsumet.

Siste delen av underproblemstillinga i denne oppgåva spør: ” Vil ei alternativ forklaring av produksjonskjeda innan turisme forklare utviklingstrekk blant fisketurismeverksemdene i Finnøy kommune?” Kva som er meint med dette vil eg prøve å illustrere med to konseptuelle modellar som syner skilnaden mellom korleis fisk inngår som ressurs i produksjonskjeda i tradisjonell forstand, og sette det opp mot korleis fisk som ressurs inngår i fisketurismeproduksjon.



Figur 2-1 Forslag til modell over verdikjeda og verdiskaping


Det viktige teoretiske poenget med modellen ovanfor er at her vert det tatt utgangspunkt i den geografiske staden ressursen har sitt opphav, og det ligg implisitt at dei andre ledda i produksjonskjeda ligg i andre geografiske område, dette tilseier at det i dette eksempelet er det første leddet i produksjonskjeda som er av størst økonomisk verdi for staden.

I modellen over ser ein at produksjonskjeda ligg på X-aksen frå ressurs, altså fisk, vidare gjennom dei ulike ledda til konsument. Y-aksen syner lokal verdiskaping basert på ressursuttak illustrert med heil linje, og verdiskaping i produksjonskjeda illustrert med stipla linje. Den stipla linja syner råvara sin marknadsverdi etter kvart som den går utover i produksjonskjeda. Her er det ikkje teke omsyn til kva ledd som bidrar til den største verdiauken. Det den stipla linja syner er enkelt at eit kilo fisk relativt sett kostar mindre å kjøpe hos ein fiskar, enn eit raffinert produkt i ferskvaredisken.

Den heile linja illustrerer ei geografisk hypotese om at dei lokale økonomiske ringverknadane basert på ressursen er størst i starten av verdikjeda for den staden som driv med råvareproduksjon. Med dette meiner eg at råvareleddet bidreg i større grad til verdiskaping på den staden som ressursuttaket er, enn distribusjonsleddet og konsumenten som ofte opererer i eit anna geografisk område enn der ressursen har sitt opphav. På same måte er verdiskapinga størst for foredlingsleddet der foredlinga føregår. Dette vert støtta av Lindkvist og Sanchez (2008) sitt studie av saltfisknæringa i Noreg, der dei konkluderer med at det romlege aspektet ved eigarskap i sentrum og råvareproduksjon i periferiane, opprettheld ein kapitalstraum ut av dei områda der ressursen har sitt opphav. Med andre ord skildrar forskjellen mellom den stipla og den heile linja ein sentrum og periferistruktur der ei uraffinert råvare er lite verd, men har stor lokaløkonomisk tyding i ein periferi, samtidig som ei raffinert vare er mykje verd, men der verdiauka ikkje tilkjem periferien som produserte råvara.

2.5.4 Den poststrukturelle produksjonskjeda

Basert på Anderson (2007) sine betraktningar om kva rolle ein turist tek i høve turismeproduksjon og turismekonsum, har eg utvikla ein modell som syner korleis fisk inngår i det eg vil kalle ei poststrukturell produksjonskjede. Grunnen til at produksjonskjeda vert kalla poststrukturell er at dei strukturerande elementa i Porter (1998) si produksjonskjede vert dekonstruert og overtatt av eit handlande subjekt som har sine egne motiv og ynskje i høve fiskeressursen, nemleg turisten. Den poststrukturelle produksjonskjeda skal altså forståast som ei produksjonskjede der turisten sjølv fangar og vidareforedlar ressursen etter eige ynskje motivert av jakta på opplevingar. Mange av funksjonane i produksjonskjeda vert integrete gjennom ein person.



Figur 2-2 Forslag til modell av den poststrukturelle produksjonskjeda

Modellen ovanfor syner at fisketuristen har teke over ledda i verdikjeda og vidareforedlar produktet sjølv, det er denne prosessen som vert kalla turistopplevinga, eller turismekonsumet i fylgje Anderson (2007). Ut frå denne modellen vil eg argumentere for at fisketurisme framleis er ei næring basert på fisk som råvare, men produksjonen tek ei anna form enn slik me plar å tenke rundt fiskenæringar. Poenget her er at fisketuristen sjølv fiskar fisken, tilverkar han slik som ønska, konsumerer han på staden, eller tek fisken med seg til heimstaden og konsumerer han som eit ekte sjølv laga produkt.

Denne tankegangen opnar for mange interessante spørsmål. Set ein saman denne modellen (fig 2-2) med modellen ovanfor (fig 2-1), ser ein at geografisk sett får ein ei større ressurs-avkastning lokalt i denne produksjonskjeda, enn i den tradisjonelle. Dette er nettopp fordi fisk kommersialisert som oppleving er eit høgare raffinert produkt enn rund fisk levert til eit mottak, og konsumet (opplevinga) føregår i det området ressursen er. Diverse kalkulasjonar hevdar at kiloprisen for fisk formidla som oppleving i fisketurismenæringa er rundt 240 – 400 kr (st. meld nr.19 2004-2005). Det som er viktig å tenke på her, er at det ikkje er mengda fisk som vert kommersialisert lokalt, men at det fyrst og fremst er tilrettelegginga av fiskeaktiviteten som genererer verdiar.

Den poststrukturelle produksjonskjeda syner altså at det ligg eit potensiale lokalt for å overta verdiauka fisk får gjennom den tradisjonelle produksjonskjeda og ta ut gevinsten lokalt. Grada av lokaløkonomisk gevinst ligg altså i korleis ein stad klarar å absorbere aktiviteten som vert generert av fisketuristar. Med denne tankegangen er altså ”ringen slutta,” det er struktur saman med aktørskap som er med å skape regional omstilling. Fisketurisme er altså ei strukturell endring, mens det lokale aktørskapet representerer dynamikken som bestemmer om ei strukturell endring skapar positive økonomiske effektar for ein stad. I det vidare vil eg ta føre meg teoriar som omhandlar korleis det lokale aktørskapet skal opptre for å klare dette.

2.5.5 Turisten sin aktivitet og økonomiske verknadar

Ut i frå den poststrukturelle produksjonskjeda ser ein altså at turisten sin aktivitet på staden overtar dei vidare ledd i produksjonskjeda. Men er dette ein garanti for auka økonomisk aktivitet på staden?

Turisme skapar forbruk etter varer og tenester som eit lokalsamfunn ikkje ville hatt utan turismen. Mehmetoglu (2007) deler inntektene eit lokalsamfunn kan oppleve inn i direkte effektar, indirekte effektar og effektar av effektar (induserte effektar). Dei direkte effektane representerer forbruket til turistane, til dømes leige av hytter og båt, men og konsum av andre varer og tenester som turistane nyttar i løpet av ferien. Dei indirekte effektane representerer turismeverksemdene sine utgifter på den innteninga som fann stad på turistane, som til dømes løn til tilsette, skatt og forsikring. Dei induserte effektane vert då ein tredjeparts inntekter på den aktiviteten som turistnæringa har generert i eit område. Døme på dette kan vere ei verksemd som produserer båtar som er tenkt til fisketuristar. Inndelinga ovanfor betyr at totalt estimert forbruk på ein stad generert av turistaktivitet, overstig den summen turisten i første runde tok med seg til turiststaden. Dette betyr i andre runde at desto større tilbod og aktivitetar ein klarar å få i stand lokalt på grunn av turisme, desto større økonomiske ringverknadar har staden på grunn av turisten (Mehmetoglu, 2007).

Tek ein staden som utgangspunkt kan ein no oppsummere og seie at staden har eit potensiale for det første til å overta ein større del av produksjonskjeda basert på fiskeressursen, og i tillegg utvikle støttenæringar som har sitt utgangspunkt i aktiviteten som fisketurisme har moglegheit for å generere.

Slik inndeling er interessant i høve fisketurisme i Finnøy kommune, fordi eg får høve til å vurdere om dei verdiane som fisketurismen genererer sirkulerar lokalt og skapar ringverknader. Vidare vil det og vere eit premiss for å kunne karakterisere næringa som stadeigen, altså om fisketurisme aktiverar fleire aktørar og andre næringar på staden.

2.6 Territorielle produksjonssystem

Institusjonell og evolusjonær økonomi fokuserer på korleis kulturelle, sosiale og institusjonelle faktorar er med og forklarar ein stad sin dynamikk og kapabilitet til å absorbere nye næringar (Storper, 1997). Som denne oppgåva impliserer introduserer fisketurisme ein ny form for produksjon i eit ruralt område. Problemet er at føresetnadane for produksjon kan ”henge att” i praksisar frå tidligare dominerande produksjon som hindrar refleksive prosessar som er naudsynte for å lukkast med eit nytt produksjonssystem (Lindkvist, 1996). Jamfør drøftinga om ruralitetsomgrepet tidlegare i kapittelet, vil produksjonen i rurale område sette spor i den fysiske verden så vel som i mentale førestellingar om korleis produksjon skal føregå, og kva produksjon som er mogleg å få til (Halfacree, 1993). Teorien om territorielle produksjonssystem søker å forklare korleis lokal forankring og kunnskap skapar stadspesifikke produksjonssystem, og vidare kvifor omstilling til ein annan form for produksjon i mange høve kan vere vanskeleg (Camagni, 1991).

Hayter (1997) forklarar eit produksjonssystem som eit sett av koplingar mellom økonomiske aktørar, dei materielle omgjevnadene og kunnskapen som er involvert i produksjonen av ei vare. Fylgjeleg vert eit territorielt produksjonssystem ei geografisk avgrensa produksjonseining med lokalt tilknytt kompetanse og know how (Maillat, 1998). Det territorielle produksjonssystemet kan delast inn i to ulike territorielle dimensjonar, det lokale miljøet og den industrielle organisasjonen. Det lokale miljøet er det komplekse nettverket av hovudsakleg uformelle sosiale relasjonar i eit avgrensa geografisk område, som skapar eit bestemt bilete utover, og eit bestemt samhald innover (Camagni, 1991). Dette miljøet vert forsvara av leiande personar i territoriet som arbeider for å styrke produksjonssystemet, desse personane kallast hovudaktørar (Lindkvist, 1996). Hovudaktørane har ei avgjerande innverknad på dei reglane og verdiane som dominerer i produksjonssystemet.

Den industrielle organisasjonen er det organisatoriske mønsteret der lokale verksemder vert knytt til andre verksemder gjennom funksjonell arbeidsdeling og eigarskap, jamfør den tradisjonelle produksjonskjeda (Fig 2-1). Produksjonssystemet er dermed både territorielt og funksjonelt. I teorien om territorielle produksjonssystem er det hovudaktørane som driv utviklinga framover i sitt virke med å forsvare produksjonssystemets verdiar. Hovudaktørane leiar verksemder, organisasjonar og innehar sentrale posisjonar i samfunnet (Lindkvist, 1996). Såleis vert omgrepet hovudaktørar nytta i ein vidare forstand enn berre leiar for verksemder. Teorien om territorielle produksjonssystem hevdar nettopp at stadens miljø støttast av til dømes politikarar, næringskonsulentar og bankstyrarar. Her ligg og eit premiss om at det er viktig at det eksisterer ein koherens blant hovudaktørane for at produksjonssystemet skal overleve og utvikle seg (Camagni, 1991).


2.6.1 Fisketurisme som territorielt produksjonssystem

Den poststrukturelle produksjonskjeda utfordrar det territorielle produksjonssystemets funksjonelle logikk innanfor industriell organisering. Den industrielle organiseringa såg me var knytt opp mot andre verksemder som eit ledd i produksjonskjeda. Tek ein fisk eller landbruksproduksjon som døme, er det nærliggjande å tru at andre lokale verksemder spring ut i frå desse næringane og innehar støttefunksjonar til produksjonen. Såleis vil og kapitalstraumar sirkulere lokalt innanfor det territorielle produksjonssystemet og skape økonomisk vekst. Den poststrukturelle produksjonskjeda introduserer ein ny form for økonomisk rasjonalitet. Turismekonsum innan fisketurisme er basert på fisk som råvare, mens avkastninga går andre vegar inn i eit nytt produksjonssystem, nemleg til tilbydaren av fasilitetane. På denne måten kan det dannast to rasjonalitetar innanfor eit produksjonssystem. Ein som forsvargar den tradisjonelle produksjonskjeda som ser turisme som eit økonomisk potensiale for å selje varer og tenester tilknytt turismeproduksjon. Den andre rasjonaliteten går på volumauking av fisketuristar for å auke lokal inntening.

Teorien om territorielle produksjonssystem dannar grunnlag for å vurdere to saksfelt i høve problemstillinga. For det første vil ein diskrepans mellom hovudaktørar på ein stad seie noko om at fisketurismenæringa i Finnøy kommune ikkje er stadeigen på den måten at produksjonssystemet som fisketurisme introduserer bryt med det produksjonssystemet som fleirtalet av hovudaktørane forsvargar. For det andre vil ei felles forståing av fisketurisme-produksjon blant hovudaktørane som er verksemdeigarar stadfeste at produksjonen innan

fisketurisme har felles utviklingstrekk når det kjem til å etablere turismeproduksjon i ein distriktskommune.

Oppsummert ser ein no at det på bakgrunn av den poststrukturelle produksjonsskjeda kan danne seg to former for produksjonssystem med verksemder knytt til fisketurisme.



Figur 2-3 Fisketurismeverksemder sin eigenart i høve spesialisering og samhandling

Figur 2-3 syner korleis spesialisering og samhandling kan kategorisere ulike verksemder som driv med fisketurisme. Kategori 1 vil drive med generisk¹ produksjon og berre leggje til rette for fiskeaktiviteten, mens kategori 2 vil bruke fiskeaktiviteten som ein basis til å utvikle spesialiserte produkt og samarbeide om produktpakkar. Begge produksjonssystema vil skape økonomisk aktivitet, men kategori 2 verksemdene vil i fylgje Mehmetoglu (2007) skape flest induserte effektar.

2.7 Den territorielle matrisa

Crevoisier (2004) sin "Innovative Millieus Approach" søkjer å etablere ein territorialisert forståing av kvifor enkelte områder nettopp er meir dynamiske og kapable til å utvikle seg i ein positiv retning enn andre. Innovative miljø i produksjonssystem er ikkje noko sjølvstendig teori som forklarar korleis omstilling føregår, men den peikar på viktige element som kan

¹ Generisk; artsmessig; felles; ikke spesifikk (Engelsk ordbok, 2001. Forlaget eBok AS, Oslo)

vere med å forklare prosessar som er viktige å ta omsyn til i ein prosess der nye næringar vert introdusert og veks fram.

Ein produksjonsregion eller ein stad er eit resultat av koplinga mellom aktørar og strukturar og konsekvensane av den mellombels materielle forma desse koplingane får. Miljøet på ein stad er prisgitt dynamikken innanfor tre ulike paradigmer, desse er teknologi, organisering/institusjonar og territoriet. Desse tre paradigma leiar vidare til ei matrise, eller ei støypeform. Med andre ord er ein stad sitt produksjonssystem eit avtrykk av støypeforma som inneheld eit område sine ressursar, kunnskap og tradisjonar (Crevoisier, 2004). Denne støypeforma kan endrast ved at ein etablerer ny form for produksjon, og fylgjeleg vil staden endre karakter som eit avtrykk av denne støypeforma. For å endre denne støypeforma treng ein innovatørar. I slike analytiske innovasjonsprosessar er det viktig at det vert skapt eit miljø som klarer å mobilisere tidligare teknikkar og kunnskap som leiar til ein spesiell know-how når det gjeld å omstille seg. Dette betyr i andre omgang at ei verksemd vert avhengig av ressursane i territoriet fordi deira eiga utvikling nettopp er basert på tidlegare investeringar og implementering av teknologi. I fylgje Crevoisier (2004) må altså fisketurismenæringa i Finnøy kommune vere organisert formelt eller uformelt på ein slik måte at produksjonsmiljøet møter moglegheiter og utfordringar med ei felles referanseramme for kva ein ynskjer å få til. Dette gjeld ikkje berre aktørar som har direkte eigeninteresse av turismeproduksjon, men og lokalpolitikarar og personar med makt til å påverke utviklinga av ein stad. Såleis vil ein stad sin produksjonsmessige arv vere med på å bestemme kva rolle fisketurisme kan få.

2.7.1 Fisketurisme i territoriet

Innovasjon i eit ruralt område er ein utviklingsprosess som grip om seg verksemder, lokalbefolkning og ressursar. Territoriet kan forståast som organisasjonen som bind saman desse i eit rom eller eit miljø. Dette rommet dannar grenser for kva som er nært og kva som er fjernt. Det som er nært meiner Crevoisier (2004) vert opplevd som tryggare enn det fjerne, ting som er innanfor miljøet, for eksempel know-how, er betre kjent og kan mobiliserast annleis enn det som er ukjent og fjernt, uvissa får ein romleg karakter og er med på å danne produksjonsregionar. For å kunne svare på om fisketurisme i Finnøy kommune kan få eit innhald som skapar aktivitet for eit breitt spekter av næringar, vert det etter mi meining viktig å fokusere på det Crevoisier framhevar, nemleg mekanismane som tillet koordinering mellom aktørar lokalt. Fysisk nærleik og felles referansepunkt i høve normer og oppførsel i produksjonsverda leiar til ein kultur for samhandling. Felles referansepunkt og normer i ei

stadbunden næring kan òg vere med å forklare omgrepet stivhengigheit i høve rurale områder si evne til å utvikle seg.

Stivhengigheitsomgrepet kan gje negative assosiasjonar når ein tenkjer på innovasjon og omstilling, avhengigheit og ”sti- trakking” peikar i retning av at ting ikkje endrar seg. Eg vil ut i frå Crevoisier si forståing av territoriet argumentere for det motsette, know-how og kodifisert kunnskap er nettopp dei eigenskapane som bestemmer utfallet av korleis ein region vel å møte globale strukturelle endringar, stien ein har trakka opp legg føringar for kvar ein vel å gå vidare. Myrdal sin lov om kumulativ kausalitet støttar opp under forståinga av stivhengighet slik den er skissert ovanfor. Myrdal meiner at ein region kjem inn i ein positiv eller negativ spiraleffekt basert på korleis ein region klarar å gripe tak i utviklingstrekk og kommersialisere desse på ein slik måte vert det skapt positive økonomiske effektar for heile regionen (Lindkvist, 2006).

Når oppgåva spør om fisketurisme i Finnøy kommune kan skape aktivitet som revitaliserar eit spekter av lokale næringar, kan nettopp stivhengighetsomgrepet og Myrdal sin kausalitetslov vere til hjelp for å analysere om fisketurismen faktisk bygger på tidligare kunnskap og tradisjon, og om etableringane bidrar til positive økonomiske effektar i regionen.

2.8 Brot/kontinuitet

Mange produksjonssystem som omstiller seg blir revitalisert. Revitalisering inneheld konnotasjonar som å ”blåse liv” i noko som allereie eksisterer, eller å ”sette saman noko på nytt” for å få det til å fungere. Antropologen Anthony F.C. Wallace (1956) definerer revitalisering som eit overlagt og medvite forsøk av personar innanfor ein kultur på å etablere eit nytt og meir tilfredsstillande levesett. Wallace meinte å identifisere ulike stadium innanfor eit samfunn som strekte seg frå ein stabil fase med semje rundt normer, makt og verdiar til ein fase med tilpassingsproblem for tradisjonelle næringar, vidare til ein revitaliseringsfase der normer, verdiar og makthøve vert etablert på nytt, til ein påfyljande ny stabil fase. På same måte meiner eg det går an å dra parallellar til ein region sitt behov for å omstille seg og ”omrokere” ressursane sine for å lage nye stabile fasar. Det mest nærliggande eksempelet på det i rurale områder, er turisme. Tradisjonell produksjon som har mista sin verdi i eit tradisjonelt foredlingssystem kan få ny verdi foredla som opplevingar og turisme.

Revitaliseringsprosessen kan minne om Crevoisier (2004) sin analogi om å endre støypeforma, men forskjellen mellom ein brot/kontinuitetsprosess og ein revitaliseringsprosess er måten å kome til det nye stadiet på. Crevoisier set opp implementeringa av innovasjon som drivkraft for at ein stad endrar seg, mens mi forståing av tankegangen bak revitaliseringsomgrepet er at ein ny stabil fase vert pressa fram av aktørar som ser det som naudsynt for å ”overleve” på staden. I regionalgeografien er det lett å sjå vekk frå aktørskapet til enkeltmenneske. Revitalisering slik Wallace (1956) skildrar det, bringer nettopp aktøren inn som den kontingente faktoren som endrar produksjonssystemet på ein stad. Denne forståinga ligg og bak utviklinga av fisketurismen.

Dette aktørperspektivet som Wallace (1956) introduserer, er viktig å ha med seg når ein vil seie noko om ei refleksiv og stadeigen næring. Å vere refleksiv er i fylgje Storper (1997) å inneha evna til å tenkje rundt si eiga verksemd, samtidig som ein reflekterer rundt relasjonen mellom seg sjølv og det økonomiske miljøet. Ei refleksiv næring vert difor ei medviten strategisk næring der aktørane tenkjer rundt sitt bidrag til omgjevnadane, samtidig som dei har kunnskap om korleis omgjevnadane skal marknadsførast inn i deira prosjekt for å oppnå best mogleg resultat. I ei slik kommodifisering av det rurale kan refleksive prosessar vere med på å ”brande” eit territorium slik at ein kan skape eit bestemt bilete av ein stad og selje det på best mogleg måte (Floysand and Jakobsen, 2007). Om ein knyt saman denne tankegangen med Crevoisier sine paradigme og set det saman med fisketurisme, ser ein at samhandling og organisering vert eit springande punkt om ein skal oppnå ei refleksiv og stadeigen næring. Denne teoretiske kikkerten vil hjelpe meg i å få auge på to ting i høve spørsmåla eg stiller i oppgåva. For det første vil relasjonane dei ulike verksemdene inngår i, seie noko om kulturen for samhandling, om det eksisterer formelle eller uformelle samhandlingsprosessar som bidreg til eit felles uttrykk i høve reiselivsmarknaden. For det andre vil verksemdene si marknadsføring, eller eventuelle manglande marknadsføring belyse kva rolle turistane blir gjevne i eit fisketurismeprojekt, jamfør Anderson (2007) sin modell om turismeproduksjon og turistkonsum.

2.9 Konvensjonar

Når marknadsaktørar samhandlar over tid, vert det danna felles rutinar og praksisar, dette tar oss vidare til konvensjonsomgrepet. Konvensjonar vert av Salais og Storper definert som *"...practices, routines, agreements, and their associated informal and institutional forms which bind acts together through mutual expectations"* (Salais and Storper, 1992:174)

For lokale produksjonssystem kan konvensjonar fungere som ein kognitiv uformell base med kunnskap og spesifikk know-how i produksjonen av gode (Lindkvist and Sanchez, 2008) Hensikta med å dra inn konvensjonsomgrepet som teoretisk bakteppe for fisketurisme i Finnøy kommune, er å kunne analysere meininga bak "kvifor me driv fisketurisme slik akkurat her," og om det i heile tatt er noko samla forståing av "me" innanfor fisketurismenæringa i Finnøy. Konvensjonar gjev oss altså eit verktøy for å vurdere kva innhald fisketurisme skal ha.

Konvensjonsomgrepet kan og nyttast for å skildre ei felles forventing til marknaden. Blant produsentar dannar det seg til dømes konvensjonar om korleis ting *bør* produserast. Om desse konvensjonane ikkje stemmer overeins med marknadskonvensjonane, kan ein få ein "miss match" mellom produsent og konsument slik til dømes den norske saltfisknæringa opplever på den spanske marknaden (Lindkvist and Sanchez, 2008). Produksjonskonvensjonar kan òg hindre innovasjon og differensiering av produkt viss ei verksemd ikkje orienterer seg mot marknadskonvensjonar. Fisketurismenæringa i Finnøy kommune kan altså ha utvikla ei slags felles forventing om kva som skal tilbydast fisketuristar, og korleis ein skipar ein bra plass for fisketuristar. Denne haldninga, eller desse konvensjonane, vert viktig å finne ut av med tanke på vidareutvikling av staden og næringa.

2.9.1 Konvensjonar i produksjonssystemet

Viss det lokale miljøet i eit produksjonssystem er det komplekse nettverket av hovudsakleg uformelle sosiale relasjonar i eit avgrensa geografisk område, vil konvensjonane vere byggesteinane som gjev innhald til det lokale miljøet. Konvensjonar vert då delar av lokale meiningssystem som styrer hovudaktørane sine handlingar og oppfatningar. Halfacree (1993) peikar på at eit ruralt rom kan skapast av, og skapar ein rural identitet. I produksjonsteori vil det òg seie at ein stad sin produksjon er priggitt av, og vert påverka av personar sin identitet. I

denne oppgåva vil ikkje det å ha ein rural identitet verte problematisert i stor grad. Identitet vil bli forstått nettopp som konvensjonar som har utvikla seg over tid, som meiningsberande rutinar som meir eller mindre ubevisst kontrollerer og styrer hovudaktørane i retning av ein særeigen produksjon.

I produksjonssamanheng kan turismeproduksjon forståast som overgangen frå generisk råvareproduksjon til dedisert nisjeproduksjon. I dedisert produksjon er det tilbydaren si evne til å gjere ei vare attraktiv som aukar salstala (Storper, 1997). Det knyter seg ulike konvensjonar til ulike typar produksjonssystem. I mitt studieområde har den generiske råvareproduksjonen vore dominerande. Introduserer fisketurismeindustrien eit dedisert produksjonssystem, eller vil den poststrukturelle produksjonsskjeda vise at fisketurisme likevel er generisk produksjon innanfor eit anna produksjonssystem? Dette vil avdekking av konvensjonane innan fisketurismenæringa og undersøkinga av produksjonen hjelpe meg å finne svar på.

2.10 Teoretisk oppsummering

Teoriane som er drøfta i dette kapitlet fylgjer problemstillinga og argumentet som er skissert innleiingsvis i oppgåva. For det første syner fisketurisme seg som ei distriktsnæring der globale reisetrender møter lokalt aktørskap, noko som betyr at ein stad sin eigenart kan vere utslagsgjevande for korleis næringa vert utvikla. Kapittel 2.2.1 si historisk skildring av tenking rundt næringsutvikling og næringspolitikk støttar eit slikt syn. Denne bevisstgjeringa rundt tydinga av ein plass sin eigenart har leda til teoriar som nettopp skildrar korleis aktørar sin identitet og normer for samhandling vert utslagsgjevande for næringsverksemd. Teoriane om lokale produksjonssystem, og korleis konvensjoner vert utvikla rundt kjende handlingsmønster, er analytiske verktøy for å systematisere eit relativt komplisert nettverk av haldningar til fisketurismeproduksjon. Haldningane som vert avdekka ved hjelp av produksjonssystem og konvensjoner, kan seie noko om korleis fisketurismenæringa skal utviklast og vidare danne grunnlag for å vurdere underproblemstillinga sin første del, om refleksivitet og stadeigenskap. Samtidig syner teoriane om revitalisering og den territoriale matrisa samanhengen mellom korleis tidligare næringsverksemd gjer seg gjeldande for hovudaktørane sine ønske om vidare utvikling.

For det andre vert det drøfta korleis produksjonskjedeteori kan forklare ein region sin deltaking i økonomisk aktivitet basert på ein naturressurs, og korleis ei produksjonskjede òg kan skape ein sentrum- periferi dimensjon, der periferien ikkje får ta del i den verdiauka eit produkt får på vegen gjennom produksjonskjeda. Vidare er fisketurisme sett inn i ei ny konseptuell forståing av produksjonskjeda som er særigen for turismeproduksjon der naturressursar som fisk inngår i turistproduktet. Her vert det peika på at fisketurisme har eit potensiale til å legge att ein større del av verdiaukinga lokalt når fisk vert foredla som turisme i staden for råvare i tradisjonell produksjon. Slik viser fisketurisme seg som ei næring med potensiale, men for at fisketurisme skal få eit innhald som revitaliserar eit breiare spekter av lokale næringar, må turistaktiviteten innehalde meir enn berre å leige ut hytter og leggje til rette for fiske. Slik vert dei drøfta teoriane om produksjonskjeda og det lokale miljøet kopla saman, og stadfestar teoretisk argumentet innleiingsvis i oppgåva (1.3).

2.11 Vitskapsteoretisk posisjon

Til sist i teorikapittelet vil eg foreta ein forsiktig posisjonering av denne oppgåva innan vitskapsteori. Posisjoneringa er naudsynt for å gje eit overordna perspektiv på korleis ein kan forske på prosessen der aktørar freistar å skape noko nytt, slik som fisketurisme.

Ein debatt som har prega vitskapsteorien dei siste 15-20 åra, er dei to ytterpunkta realisme og konstruktivisme. På den eine sida vil tilhengjarar av realismen hevde at røynda eksisterer uavhengig av oss menneske og våre omgrep og haldningar som gjev oss tilgang til ho. Det vil seie at den erfarte røynda slik ho vert observert av forskaren, er den faktiske røynda slik ho eksisterer (Hansen and Simonsen, 2004). Slik positivisme vil til dømes kunne leie til forskingsprosjekt som finn kriteria og terskelverdiar for kva som skapar den perfekte plass for fisketuristar. På den andre sida finn ein konstruktivismen som hevdar at røynda ikkje eksisterer, men vert konstituert i menneskeleg handling og forståing. Dette vil seie at forskaren ikkje observerer verda slik som ho er, men at røynda vert konstruert i menneskelege handlingsprosessar som òg får konsekvensar for forskaren, og som vidare betyr at forskaren med sitt tankegods og sin for - forståing er med på å konstruere verda slik me erfarer ho. Viss fisketurisme berre er ein mentalt konstruert kategori, kunne fiskeaktiviteten likeframt funne stad i Dovrefjell. Denne ukorrekte framstillinga syner kor viktig det er med ein vitskaps-

teoretisk mellomposisjon som både anerkjenner absolutte strukturar, og sosiokulturelle konstruksjonar, nemleg kritisk realisme.

Kritisk realisme kan på mange måtar vere ein mellomposisjon mellom realisme og konstruktivisme. Kritisk realisme forfektar at det verkeleg eksisterer ei røynd, men at forskaren ikkje har direkte tilgang til ho. Det forskaren derimot har tilgang til, er konsekvensane av røynda (Sayer, 1992). Dette betyr at det forskaren observerer ikkje er dei direkte konstituerande kunnskapsobjekta, som empiristar vil hevde, men materialisering av underliggande varige strukturar som får konsekvensar for det observerbare. På den andre sida representerer ikkje desse varige strukturane nokon mentale kategoriar som vert pålagd fenomena slik konstruktivistar vil hevde (Hansen and Simonsen, 2004).

Sayer (1992) deler verda inn i tre faktorar, strukturar, mekanismar og hendingar.

Strukturar og mekanismar eksisterer på det abstrakte nivå, mens hendingane som vert genererte av strukturar gjennom ulike mekanismar, kan observerast på eit konkret nivå. Strukturane har ei ibuande årsakskraft som kan skape forskjellige hendingar gjeve ulike mekanismar. Det klassiske døme her er krut, som har ein ibuande eksplosiv eigenskap, men som ikkje materialiserer seg før det møter ein gnist (Hansen and Simonsen, 2004).

Kritisk realisme har eit deterministisk drag over seg, det er lett å forstå menneske og menneskeleg handling som ei nødvendig handling gitt at dei rette strukturane og mekanismane er på plass. Ein slik determinisme unngår ein ved å tilkjenne menneske ein refleksiv eigenskap som tenkande individ med ulik agenda. Det refleksive menneske vert difor ein dynamisk faktor med potensiale til å utløyse og aktivisere strukturar som til dømes marknadskreftene ved hjelp av ulike mekanismar. Dette forklarar kvifor dei same strukturane kan få ulikt utfall på to forskjellige plassar (Hansen and Simonsen, 2004).

Eg vil argumentere for at generelle høve, saman med stadeige aktørskap skapar spesielle hendingar i Finnøy kommune. Element som ressursutnytting og marknadskrefter er strukturar som kan skape ulike typar samfunn gitt ulik aktivisering av desse strukturane. Fylgjeleg vert då fisketurisme ein mekanisme som aktiviserer strukturane på ein slik måte at hendinga vert ein stad der slik aktivitet er framtrekkande. Dette ser ein heng saman med produksjonssystem. Produksjonssystemet hovudaktørane på ein stad er forsvarar av, kan reknast som mekanismen som skapar produksjonsstaden. Som nemnt introduserer fisketurisme ein ny type

2. Teoretiske perspektiv

produksjonssystem, mekanismane endrar seg, og hendinga er ein ny type produksjonsstad. Det er denne prosessen eg freistar å skildre når eg spør om fisketurismenæringa i Finnøy kommune kan få eit innhald som vil revitalisere eit spekter av lokale næringar.

På den andre sida opnar kritisk realisme for abstrakt teoriutvikling, ved å observere hendingane kan ein resonnerer seg fram til årsakssamanhengar rundt dei abstrakte strukturane. Dette er den poststrukturelle verdikjeda eit forsøk på. Ved å observere korleis verksemdene driv fisketurisme, vil det vere mogleg å avdekke produksjonsmessige særtrekk ved fisketurisme som næring.

3 Metodisk drøfting

Ei masteroppgåve er likemykje ei sveineprøve i produksjon og analyse av kunnskap, som det er etablering av ny kunnskap. Ein masterstudent lyt ofte gå att og fram mellom ynskje om å beskrive noko nytt, og rammevilkåra som tidsbruk og praktisk gjennomføring set. I tillegg kan møte med den røynda fortone seg ganske annleis enn slik ho førekjem i bøker om samfunns- vitskapelege teoriar, med tette skott og klare definisjonar. Mitt arbeid om fisketurisme i Finnøy kommune er ikkje noko unntak i så måte, og i dette kapittelet vil eg gjere greie for utforminga og den praktiske gjennomføringa av denne sveineprøva. Vidare vil metodeval og framgangsmåte bli drøfta opp mot etablerte oppfatningar om kva ein kan produsere kunnskap om, og kva kriterium som må oppfylast for å skilje den nye innsikta mellom ”kvalifisert gjetting” og vitskap.

3.1 Kritisk realisme- inspirert metodologi

Denne oppgåva baserer seg på ein kritisk realisme- inspirert metodologi. Som forklart i teorikapittelet ser eg fisketurisme som ein aktivitet mogleggjort av strukturelle endringar, men initiert og vidareutvikla av lokalt aktørskap. For å kunne produsere kunnskap om fisketurisme som distriktsnæring, treng ein nettopp eit verktøy som innehar eigenskapen av å både undersøke det lokale miljøet og mekanismane som skapar det lokale miljøet. Sayer (1992) meiner det er eit skilje innan realistisk metode mellom abstrakt og konkret forskning. Abstrakt forskning skal identifisere dei kausale strukturane og mekanismane som genererer hendingar, mens konkret forskning skildrar kva for utfall dei kausale strukturane får i ein bestemt kontekst (Hansen and Simonsen, 2004). Denne føremålstodelinga i forskinga høver bra i forhold til mitt formål med denne oppgåva. Problemstillinga og underproblemstillinga som oppgåva tek utgangspunkt i, innehar nemleg ei forskingsmessig todeling. For det første spør eg om eigenskapar ved fisketurismeaktørane, altså ein konkret utforskande del, for det andre vil resonnering rundt dei faktiske hendingane leie til kunnskap om eigenskapar ved mekanismen fisketurisme.

3.1.1 Metodiske implikasjonar

Når eg spør ” *Er fisketurismenæringa i Finnøy kommune ei refleksiv og stadeigen næring, og vil ei alternativ forklaring av produksjonskjeda innan turisme forklare utviklingstrekk blant fisketurismeverksemdene i Finnøy kommune,*” har eg allereie teke ein del utelukkande standpunkt i høve tema. For det første stiller eg spørsmål om refleksivitet og stadeigenskap. Det ligg implisitt at dette er tema som eg meiner er viktig for å seie noko om fisketurisme som distriktsnæring. Omgrepa refleksivitet og stadeigenskap er òg strategisk valde ut i frå det knippet med teoriar eg har vald for oppgåva.

Den andre delen av underproblemstillinga spør om det er sertrekk ved fisketurismen som næring som gjer at ein må etablere ei anna forståing av produksjonskjeda som betre fangar opp produksjonen og verdiskapinga innan fisketurismenæringa. Og vidare om denne nye forståinga kan vere med å forklare utviklingstrekk ved fisketurismeverksemdene i ein distriktskommune som Finnøy. Eit slikt spørsmål går i fylgje kritisk realisme i retning av abstrakt forskning fordi det her vert forsøkt å avdekke kausale strukturar ved fisketurisme som produksjonsform.

Å prøve å seie noko om dei kausale strukturane innan fisketurisme utløyser eit generaliseringsproblem. Mi undersøking er til dels basert på litteratur om fisketurisme, men i hovudsak på dei intervjua som er gjort i Ryfylkeområdet. Kvalitative intervju med relativt få informantar dannar ikkje grunnlag for å seie mykje representativt om fisketurisme som næring (Flowerdew and Martin, 1997). Likevel vil eg på basis av Sayer (1992) driste meg til å seie at kunnskapen som vert danna ut frå mitt feltarbeid kan vere ein peikepinn mot å avdekke visse strukturar som gitt dei same lokale høvene, vil gjelde andre plassar enn i mitt feltområde.

I den kritiske realismen sitt verdsbilete kan to like hendingar ha ulik forklaring, samtidig som to ulike hendingar kan ha lik forklaring. Sayer (1992) miner at ”*The variety of possible objects of study in social science stretches beyond the scope of a single model of research*” (Sayer, 1992:4). Sayer skil derfor mellom intensiv og ekstensiv forskning, og konkret og abstrakt forskning, men uttrykkjer vidare at det ikkje er noko utelukkande skilje mellom desse forskingsstrategiane, det er derimot ein kombinasjon av desse som vil leie til heilskapleg kunnskap (Sayer, 1992). Med Sayer sitt standpunkt om ei brei tilnærming vil eg legitimere denne oppgåva si todeling av både konkret og abstrakt forskning.

3.2 Praktisk gjennomføring av feltarbeid

Tidleg på sommaren i 2007 budde eg på Judaberg i Finnøy kommune. På førehand hadde eg satt meg inn i dei teoriar og oppfatningar som eg meinte var viktig å ha i bakhovudet for å kunne seie noko om fisketurisme som distriktsnæring. I tillegg til dette hadde eg allereie samla informasjon om ein del verksemder som låg fritt tilgjengeleg på kommunen sine heimesider. Slik hadde eg og avtala eit par intervju før eg kom fram på staden. På førehand hadde eg og førebudd intervjuguidar som vart delt inn i tre kategoriar tilpassa den inndelinga av informantar eg hadde sett for meg på førehand.

Sidan oppgåva ikkje freistar å finne ein statistisk representativitet, vart utvalet av informantar ei strategisk vurdering på bakgrunn av geografisk plassering, tidsbruk og tilgjenge. Fokuset på hovudaktørar vart naturleg både med tanke på den praktiske gjennomføringa og teorien sitt premiss om å avdekke meiningar innanfor lokale produksjonssystem. Utvalet av intervjuobjekt vart i stor grad styrt av tilrådingar frå nøkkelinformantar som hadde god oversikt over kva personar som kunne uttale seg om dei ulike saksfelta. På denne måten opplevde eg at "nettet" av meiningsberande hovudaktørar opna seg, fordi eg alltid fekk tips undervegs om å "gå og snakk med han, han kan meir om dette."

Eit anna element som fekk stor praktisk tyding, var avstandane mellom intervjuobjekta og høvene for å reise mellom dei. Busetjinga i Finnøy kommune er fordelt på 16 øyar, difor kunne det godt gå med ein dag for å få eit intervju, og planlegging av intervju måtte skje i nøye samsvar med diverse rutetabellar.

3.3 Om kvalitativ metode

Eit masterprosjekt innehar mange fasar, valet av metode vert av mange sagt å vere ein av dei. Eg vil argumentere for at valet av kvalitativ metode ikkje er noko fritt val, men styrt av problemstillinga og teoriane som er sett opp for å skape ny innsikt i eit saksfelt, og dei ressursane ein masterstudent har til rådvelde. Samtidig er metodebruken eit uttrykk for ein persons oppfatting av røynda. Winchester (2000) seier det på denne måten: "*Intense arguments about methodology are often as much to do with researchers beliefs and feelings*

about the structure of the world as about their regard for a particular research method.”
(Winchester, 2000:3)

Mitt forskingsprosjekt søker å seie noko om ein stad si etablering av eit nytt produksjonssystem og om det lokale miljøets mottaking av fisketurisme. Vidare vert den teoretiske kategorien konvensjonar nytta for å kategorisere felles haldningar som hovudaktørar i produksjonssystemet har. Med dette formålet for auge er valet av kvalitative metodar eit sjølvstøtt val. Kvalitativ metode er eit sjølvstøtt val fordi metodane har som mål å skildre kvaliteten ved ei hending, ikkje måle hendinga eller finne terskelverdiar for produksjon. Persepsjonar og mentale rettesnorar for kva type produksjon menneske på ein stad kan identifisere seg med og forsvare, lar seg heller ikkje kvantifisere på nokon fornuftig måte. Her kan det eksistere like mange oppfatningar som det er intervjuobjekt, og sidan kvalitative metodar ikkje søker det generelle, men heller eigenskapar ved det spesielle, høver det òg godt med tanke på å avdekke eigenskapar og oppfatningar ved hovudaktørar på ein stad (Winchester, 2000). Samtidig er det ikkje noko poeng i å skape ein avgrunn mellom kvantitative og kvalitative metodar. Metodar er verktøy ein brukar på veg til ny innsikt, og Knut Kjelstadli skriv det slik: *”det gjelder å telle det som telles kan”* (Kjelstadli, 1997:218).

Eit av måla med ei vitenskapleg undersøking er å skape eit riktig bilete av røynda. Kvalitativ metode i form av feltarbeid og intervju involverer forskaren i større grad enn andre metodar. Denne involveringa betyr òg at forskaren med sitt nærver kan påverke objekta som vert undersøkt. Slik påverking kan tale for at forskingsresultata vert farga og lada med forskarens egne meiningar og førehandshaldningar, og at målet om å skape eit riktig bilete av røynda ikkje vert oppnådd. Ein måte å møte slik kritikk på er å vere open om sin bakgrunn og førehandskunnskap og tenke gjennom korleis denne kunnskapen vil påverke resultatet både i intervjusituasjonen, og i tolkingsarbeidet i etterkant (Mansfelt, 2000).

3.3.1 Førehandskunnskap og farging av forskingsprosessen

Omgrepet ”å hamne på riktig hylle her i livet” refererer ofte til at ein person har eit virke som han trivst med, og har naturlege føresetnadar for å utføre. I det relativt frie studentlivet er det og slik at interesse og føresetnader styrer ”kva hylle ein hamnar på,” med andre ord kva tema ein vel å fordjupe seg i. Eg kjem sjølv frå eit område som på same måte som Finnøy kommune kan skildrast som ruralt, og eg har sjølv arbeidd med og opplevd fisketurisme. Det er ikkje til å legge skjul på at eg meiner distrikts- Noreg har ressursar som er viktig å verdsette

gjennom turisme, og at fisketurisme kan skape økonomiske verdier lokalt. Eg vil likevel argumentere for at denne førehandskunnskapen ikkje styrer resultatene av forskingsprosessen, men heller peike på at førehandskunnskap og kjennskap til næringa gjev meg ein innsikt og motivasjon i høve arbeidet, at eg har hamna ”på rett hylle.”

Sjølv om mitt forskingsarbeid ikkje føregår i noko framand kultur med tilhøyrande språkbarrierar og rolleutfordringar, vil eg likevel meine at det kan vere omgrep og situasjonar som ikkje umiddelbart er forståeleg for alle. Det er fort gjort å bli tildelt rolla som ”studenten” eller ”forskaren frå byen” som ikkje forstår kva utfordringar ”me på bygda” står ovanfor. Og i mitt feltarbeid la eg ein del vekt på å posisjonere meg som ein som ikkje var totalt blank. Eit døme var i samtale med ein informant om kva type båt og utstyr som var best eigna for turistane. Samtalen tykte eg gjekk i veldig generelle formuleringar. Mens me stod og prata la eit av turistfylgja hans til kai, og eg sa at det var kjekt å høyre lyden av ein 10hestars Sabb-diesel. Denne kvalifiserte gjettinga på å bestemme motortype ut i frå lyden resulterte i ein langt betre samtale der eg fekk omvising og langt meir detaljerte svar enn i byrjinga.

Jamfør Aase (2007) sin diskusjon om kva status ein får i ein forskarsituasjon vil eg føreslå at eg i mange feltsamtalar og intervju gjekk frå å vere ein *outsider* til noko i retning av ein *insider* som har ein felles meiningshorisont om ein god del ord, uttrykk og tema med dei intervjua. Samtidig opplevde eg at statusen som ein insider introduserte faren for at den sjølvsegde tydinga vert forbigådd. Eit eksempel på det var i ein samtale om korleis turistar vert sett på av dei lokale innbyggjarane. Ein informant meinte at eit eventuelt negativt syn ville betre seg med fastlandssamband. I dette tolka eg at når turisme vert meir utbreidd og fleire folk kjem til øya, så vert det og meir vanleg. Denne tolkinga måtte revurderast då eg i eit seinare intervju fekk informasjonen: ”*turistane tek plassen vår på ferjene og ferjekaiane.*” Kva det vil seie å bu på ein stad utan fastlandssamband er det nok berre dei som gjer det, som kan svare på. Her var det klart innforstått at hytteturistar skapa transportmessige problem og ”tok plassen” til dei fastbuande, noko som eg ikkje tenkte på umiddelbart. Wadel seier det slik: ”*Mellom det som faktisk skjer og den beskrivende analyse som foretas ligger ”variabelen” feltarbeider (Wadel, 1991:77)*”

3.4 Det kvalitative intervjuet

Dette forskingsprosjektet baserer seg i hovudsak på intervju med personar eg møtte under feltarbeidet mitt. I etterkant har eg gjennomført eit telefonintervju. Intervjuforma kan delast inn i fleire ulike kategoriar basert på grad av struktur. På den eine sida av skalaen har ein feltsamtalar, på den andre sida numeriske spørjeskjema (Fossåskaret et al., 1997). Eg nytta halvstrukturerte intervju i mitt feltarbeid. Halvstrukturert intervju vil seie at eg på førehand hadde intervjuguidar som inneheldt ein del tema og spørsmål som eg ville dekke under intervjuet. Slik intervjuform gjev intervjuaren ein del fridom i høve rekkefylgje av tema, samtidig som intervjuet ber meir preg av ein samtale. Samtidig vil eit slikt halvstrukturert intervju gje meg høve til å fylgje opp nye moment som kjem fram under intervjuet.

Intervjuing var i mitt tilfelle ein læreprosess. Eg følte at kunnskapen om korleis ein skal intervju steig i takt med talet på intervju. I starten kunne spørsmål verte svart med ja, eller nei og oppfylggingsspørsmåla vart klønete stilt der eg eit par gangar tok meg sjølv i å leggje orda i munnen på informanten. Denne "fomlinga" i starten meiner eg ikkje undergrev resultata av oppgåva etter som det er mi tolking at dei same svara hadde blitt gjevne uansett. Etter kvart vart intervjuet ein kjend situasjon der eg strategisk manøvrerte mellom innleiande enkle spørsmål og meir sensitive nære tema.

Mellom kvantitative og kvalitative metodar eksisterer det ein forskingsmessig formålsskala der ein med kvantitative metodar søker svar på spørsmål som utbreiing og representativitet, og med kvalitative metodar søker innsikt om eigenskapar og årsakssamanhengar (Dunn, 2000). På same måte eksisterer det ein formålsskala mellom ulike typar intervjuformer. Strukturerte intervju har fastsette spørsmål som dannar grunnlag for samanlikning, mens ustrukturerte intervju ikkje eignar seg for samanlikning fordi kvart intervju kan ha unike tema og fylgjeleg ikkje danne grunnlag for noko samanlikning (Dunn, 2000). Teoriane om lokale produksjonssystem fokuserer på ein stad sitt lokale miljø, og persepsjonane til hovudaktørar. Eg vurderer det difor som viktig å utarbeide intervjuguidar som dannar grunnlag for ei viss form for analytisk samanlikning. Intervjuguidane vart tilpassa ulike grupper som eg vurderer vil ha felles synspunkt og roller i høve fisketurisme. Slik er det mogleg å samanlikne oppfattingar og haldningar innanfor kvar intervjugruppe.

3.5 Produksjon av data

Wadel (1991) poengterer at data ikkje er noko som “er der ute,” klart til å observerast, men at data vert skapt ut i frå forskarens utveljing og tolking og korleis ein vel å presentere funna. Å skrive ut eit forskingsprosjekt reflekterer ikkje berre det ein har funne, det reflekterer og korleis forskaren oppfattar sakskomplekset. ” *..the very phrase writing-up implies that we are somehow able to unproblematically reproduce the simple truth(s) of our research in our writing. In this framework for understanding research, writing becomes a mirror that serves to innocently reflect the reality of research findings. In contrast, we draw upon poststructuralist approaches to argue that writing is not merely a mechanical process that reflects the reality of qualitative research findings, but, instead writing constitutes in part how and what we know about our research*” (Mansfelt, 2000:162).

Intervjuopptak, transkribering og feltnotat er ein meir mekanisk del av intervjumetoden, desse stega er ei tilverking av informasjonen i intervjuet slik at dei høver seg for analysering (Dunn, 2000). I mitt arbeid nytta eg både opptaksutstyr og notat for å best mogleg sikre informasjonen frå intervjuet. Dei timelange opptaka er transkribert til tekst, eit arbeid som er særstidkrevjande, men sikrar ei korrekt attgjeving av det som vart sagt i intervjuet. Etter transkriberinga består informasjonen av ein tekst nokolunde identisk med det som vart sagt i intervjusituasjonen.

Fossåskaret seier at: ”*Ustrukturerte intervjuer med få informanter gir i seg selv ikke noen kvalitativ undersøkelse*” (Fossåskaret et al., 1997:11). Mange sider med tekst dannar ikkje noko grunnlag for vidare samanlikning og analyse. Min måte å få oversikt over respondentane sine hovudtrekk er å lage meiningskategoriar i høve kvar enkelt tema som vart tatt opp i intervjuet. Kvale (1997) kallar slik komprimering for meiningsfortetting og meiningskategorisering. Meiningsfortettinga vart gjort ved å komprimere intervjuteksten, slik at tekstomfanget minka, samtidig som respondentens mening vart uttrykt meir presist. Denne meiningsfortettinga inneber stadig store mengder med tekst sortert etter kvart enkelt intervju.

Det neste grepet som dannar grunnlag for analyse er å kategorisere observasjonane etter kategoriar som er relevant for problemstillinga. Kategoriane vert no sortert etter tema, ikkje intervju. Slik kategorisering gjer det mogleg å få eit overblikk over haldingane som er

3. Metodisk drøfting

relevant for problemstillinga, på denne måten er det og enkelt å finne samanfalande meininger i ei gruppe. Tabellen under syner korleis dette er gjort.

Tabell 3-1 Kvalitativ meiningskategorisering etter tema

Hovudaktørgruppe 2	Fisketurisme fører til store arealmessige konflikter på sjøen	Fisketuristane kan sameksistere med fiskeoppdrett og tradisjonelt fiske i regionen	Fisketurismenæringa må i større grad kommersialisere andre lokale ressursar enn berre fisk
J	Nei	Ja	Ja
L	Nei	Ja	Ja
M	Nei	Ja	Ja
P	Nei	Ja	Ja

Tabell 3-1 viser til ei gruppe av hovudaktørar sine meininger over tema som er relevant for problemstillinga. Som me ser er desse personane einige om desse påstandane og spørsmåla, noko som og er interessant i den vidare analysen.

Det er verdt å merke seg at påstandane som står øvst i tabellen ikkje nødvendigvis er stilt direkte til respondenten under intervjuet. Tabellane med meiningskategorisering er basert på mi tolking av ei rekke svar som respondenten har gitt om temaet. Respondenten har gjerne svart på spørsmål om korleis dei oppfører seg i møte med fisketuristar, og om auka aktivitet på sjøen medfører ekstraarbeid osv... Denne tolkinga vert då ein dekontekstualisering av respondenten si mening i intervjusituasjonen, mens meininga vert rekontekstualisert i konteksten som problemstillinga for denne oppgåva gjev. Denne vandringa mellom heilskap og del, til heilskap, kallast ofte for den hermeneutiske sirkel (Hansen and Simonsen, 2004). Slik rekontekstualisering kvalifiserer til det Kvale (1997) kallar for ein djupare og meir spekulativ tolking av teksten.

Denne spekulative tolkinga av meiningskategoriane meiner eg er absolutt naudsynt grunna problemstillinga sin art. Eg har blant anna stilt spørsmål om refleksivitet og stadeigenskap. Desse omgrepa er abstrakte og kan ikkje umiddelbart danne kriterium som må oppfyllest for å inneha eigenskapen. Dette betyr vidare at dei rekontekstualiserte meiningskategoriane må tolkast vidare i lys av dei teoriene som eg har vald ut i oppgåva.

3.6 Datamaterialets kvalitet, relevans og troverde

The interpretative nature of qualitative research has given rise to a considerable amount of debate concerning how the validity and authenticity of qualitative research accounts might be assessed (Mansfelt, 2000:175). I ei kvar forskingsform er det viktig å stille spørsmål om informasjonen ein har samla held kvalitetsmessige mål, og om informasjonen seier noko om det han er meint til å seie noko om. Omgrepa reliabilitet og validitet refererer nettopp til i kva grad dei data som er innhenta er troverdige, og om dei kan brukast i den samanhengen som dei er brukt. Hellevik (2002) meiner at validitet vert bestemt ut frå teoretiske og operasjonaliseringsmessige variablar. Dei teoretiske variablane er til dømes teoretiske omgrep som vert nytta for å seie noko om eit tema. Med andre ord må teoretiske omgrep operasjonaliserast og gjerast forskbare. Til dømes vert generisk og dedisert produksjon i denne oppgåva definert på ein slik måte at fisketuristverksemdene sitt tilbod kan delast inn i desse to kategoriane. Den operasjonaliseringsmessige kategoriseringa av generiske og dediserte produkt vert i dette tilfellet bestemt av i kor stor grad fisketuristen vert aktivisert av tilbod utover å drive fiske.

Når abstrakte omgrep skal operasjonaliserast, er det endå vanskelegare å undersøke om operasjonaliseringa er gjort på ein slik måte at data er valide. Refleksiv næring eller produksjonsmiljø er døme på omgrep som vert brukt for å karakterisere fisketurismenæringa i Finnøy. Her er desse omgrepa forsøkt nytta på same måte som i andre forskingsarbeid som det er naturleg å samanlikne seg med, som til dømes i Lindkvist og Sanchez (2008) sitt studie av to naturressursbaserte produksjonssystem. Igjen er operasjonalisering av abstrakte omgrep gjenstand for tolking, og derfor er det vanskeleg å garantere valide data i eit kvalitativt forskingsprosjekt.

Datainnsamling i kvalitative forskingsprosjekt kan ha mange feilkjelder. Reliabilitet seier noko om at dei data som er innsamla er av ein slik art at dei er pålitelege, med andre ord at feilkjeldene ikkje er mange (Hellevik, 2002). I mi oppgåve som baserer seg på kvalitative intervju er det difor relevant å spørje seg om intervjuet er gjennomført på ein fornuftig måte. Å

leggje orda i munnen på intervjuobjektet er eit klart eksempel på at data kan skapast på ein feil måte, og at ein ikkje avdekkjer sanninga. I intervjusituasjonen var eg opptatt av å la intervjuet utvikle seg til ein naturleg samtale der tema vart svara på undervegs. Slik sett meiner eg at reliabilitet vart sikra.

Eit anna reliabilitetsproblem er oppgåva sitt fokus på hovudaktørar. Framtredande personar med definerte roller kan òg ha ein agenda med måten dei vel å uttrykke seg i ein intervju-situasjon. Framføring av ein agenda kan på mange måtar sminke røynda, og såleis ikkje gje eit korrekt bilete. Samtidig meiner eg at denne sminkinga nettopp er essensen i korleis teorien om lokale produksjonssystem dreg nytte av hovudaktørar. Hovudaktørane forsvarar nettopp haldningar og normer innanfor eit produksjonsmiljø. Difor meiner eg at eit lada bilete av situasjonen gjev eit godt grunnlag for å analysere produksjonsmiljøets art.

3.7 Utvalet av intervjuobjekt

Nedanfor fylgjer ein kort presentasjon av hovudaktørane i produksjonssystemet for fisketurisme som eg har intervjuar i Finnøy kommune. Som ein kan sjå er ca halvparten av desse hovudaktørane representantar for verksemder, dei andre innehar har posisjon som leiarar, talsmenn og fagpersonar tilknytt turisme og næringsutvikling. Verksemdene har ulik grad av profilering mot fisketuristar, dette vert problematisert i analysekapittelet. Sidan dei fleste av verksemdene er små og arbeidet er sesongbasert kan ein heller ikkje operere med tal på faste tilsette. Der det kjem fram at det er fleir enn familie som er med i verksemda er dette innleidd hjelp i høgsesongen.

3. Metodisk drøfting

Tabell 3-2 Oversikt over verksemdar

Verksemd	Starta	Tilsette	Aktivitet
Finnøy Fjordsenter	1987	Familie	Fisketuristar, gjestehamn, hytter, kafé
Finnøy Havsenter	2005	Familie pluss ekstrahjelp	Fisketuristar, gjestehamn, kurs og konferanse, restaurant
Furrehytter	1986/1996	Familie pluss ekstrahjelp	Fisketuristar, kurs og konferanse, golf, gardsferie, restaurant
Helgøysund Fiskesenter	2004	Familie	Fisketuristar
Hidle Fjordfiske	1985/1990	Familie	Fisketuristar
Ombo Fjordfiske	1998	Familie pluss ekstrahjelp	Fisketuristar
Norda Hidle		Familie	Diverse gardsturisme, overnatting, uleige av båt
Rygjabø vgs	1902	27	Vidaregåande skule, med eiga fiskeverksemd, mat, utleigehytter og båt

Jamfør aktørdiskusjonen i teorikapittelet vil representantane for verksemdene vere hovudaktørar i eit produksjonssystem, på same måte som aktørane som støtter produksjonssystemet (politikarar, bankfolk, næringsforening). Men for å skilje mellom dei som eig og representerer verksemdene, og hovudaktørane som ikkje har direkte økonomisk interesse av fisketurismen vil det vere eit omgrepsmessig skilje mellom hovudaktørgruppe ein og to. Hovudaktørgruppe 1 er verksemdene (tabell 3-2), og vert omtala som fisketurismeverksemdar for språkleg avveksling. Hovudaktørgruppe 2 er personane lista i tabell 3-3.

3. Metodisk drøfting

Tabell 3-3 Andre hovudaktørar som er intervjuar

Kjetil Ørnes	Produksjonssjef Grieg Seafood
Ivar Stang	Fiskar og talsmann
Hanne Sundbø	Leiar Reisemål Ryfylke
Heidi Skifjell	Finnøy Næringshage
Ingrid Roth	Biomarin Vekst, samarbeidsorgan for marine næringer
Magnus Mathisen	Rektor på Rygjabø vidaregåande skule
Kristian Spanne	Banksjef, leiar næringsforeining
Tor Brynjar Welander	Plan og næringskonsulent Finnøy kommune
Tor Øyvind Skeiseid	Leiar av Ryfylke Livsgnist

For å vise kva interesse og rolleforventingar som knyter seg til dei ulike hovudaktørane, har eg laga ein tabell (tabell 3-4) som syner korleis eg har nytta deira bidrag i høve temaet fisketurisme i Finnøy kommune. Rolleinndelinga er i høve lokalpolitikk og administrasjon, næringsliv, turismekompetanse og verksemdar. Turismekompetanse er meint som personar, organisasjonar eller foreiningar som innehar overordna kunnskap og meiningar om det å drive ei turismeverksemd. Denne vurderinga er mi subjektive meining og inndelinga er basert på kva tema og kva forventingar eg hadde til vedkommande i intervjusituasjonen. Legg merke til at ein og same person kan ha blitt tildelt fleire roller.

Utvalet i hovudaktørgruppe 2 er grunna i teorien om territorielle produksjonssystem. Kommuneadministrasjon, politikarar og framtrekande næringsinteresser er i fylgje teorien òg hovudaktørar, fordi dei innehar posisjonar som kan påverke eller forsvare den næringsmessige utviklinga på ein stad.

3. Metodisk drøfting

Tabell 3-4 Rolleforventingar og uttalegrunnlag for hovudaktørar (eiga forskning)

	Administrasjon og lokalpolitikk	Næringsliv	Turismekompetanse	Turismeverksemd
A				X
B				X
C				X
D				X
E				X
F				X
G				X
H				X
I	X		X	
J		X		
K	X		X	
L		X		
M	X	X		
N			X	
O		X		
P		X		
Q		X	X	

I den vidare analysen blir hovudaktørane delt inn i ulike kategoriar. Hovudaktørgruppe 1 som er verksemdar har bokstavkoden A til H. Hovudaktørgruppe 2 (I-Q) vil verte delt inn i dei tre gruppene som er skissert i tabell 3-4. Bokstavkoden A til Q viser til enkeltpersonane og er brukt for å identifisere sitat i teksten. På denne måten vert informantane anonyme, bokstaven er tildelt kvar enkelt verksemd og person ut i frå ein kode.

4 Forskingskontekst

4.1 Region, kommune og produksjon

Grensesetjing mellom regionar og inndelinga av aktiviteten på jordkloden i ulike geografiske nivå er i seg sjølv gjenstand for diskusjon. I realismens namn gjer eg ei enkel zooming der eg fyrst presenterer karakteristika ved Ryfylke, kommunen og til slutt verksemdene. Poenget her er ikkje å fastsette kva kommunar som kan definerast innanfor eller utanfor regionen Ryfylke, men å peike på at Ryfylkeomgrepet eksisterer og vert marknadsført som ein region med visse eigenskapar i turismesamanheng. Finnøy kommune inngår i denne regionen.

For å betre kunne forstå funna frå forskingsområdet og vinklinga av oppgåva, legg eg vekt på karakteristika eg meiner er relevante for regionen som turistdestinasjon, samt nærings-samansetjing.

4.2 Ryfylke



Bilete 1 Teikning som syner Rogaland og Ryfylkeregionen (www.ryfylke.no)

Ryfylke er ein region i Nordaust-Rogaland, nordaust for Stavanger og søraust for Haugesund. Det eksisterer fleire forslag om kva kommunar som skal reknast inn i regionsomgrepet Ryfylke. NHO definerer Forsand, Finnøy, Suldal, Hjelmeland og Strand som Ryfylke næringsregion. Reisemål Ryfylke A/S innlemmar i tillegg Sauda under sin organisasjon. Statistisk sentralbyrå tar òg med Rennesøy og Kvitsøy i distriktet Ryfylke (www.ssb.no, www.nho.no, www.ryfylke.no). Det ligg to byar i Ryfylke, høvesvis Jørpeland og Sauda. Landskapet i Ryfylke er variert med øyer og skjergard, tradisjonelt kystlandskap,

lågland, fjordar, vidder og høge fjelltoppar. Ryfylke har kjende turistattraksjonar som Preikestolen og Kjeragbolten.

Ryfylke ligg på femteplass i landet når det gjeld skilnaden mellom forventa verksemdsetableringar og faktiske verksemdsetableringar i 2006, og har på same måte ein tredjeplass i femårsperioden 2002 til 2006 (www.nho.no). Såleis er dette eit område med høg næringsaktivitet.

Ein studie gjort av Telemarksforsking syner at dei mest framtrudande assosiasjonane folk utanfor Ryfylke har til denne regionen er: Naturopplevingar, sauehald, historiske stadar og kulturminne (Svardal, 2006). Desse assosiasjonsmønster tyder på at Ryfylke er etablert som naturmessig merkevare og at regionen har eit stort potensiale når det kjem til å utvikle naturbasert reiseliv. Svardal (2006) poengterer at dei næringsmessige utfordringane ligg i å innlemme lokal kultur i den vidare marknadsføringa av regionen.

4.3 Finnøy kommune



Bilete 2 Oversiktsbilete over Finnøy kommune (www.norgeskartet.no)

Finnøy kommune er ein øy-kommune i Ryfylkeregionen. Det bur folk på 16 av øyane, og folketallet tel ca 2700 innbyggjarar. Kommunikasjonen skjer i hovudsak med ferjer og hurtigbåtar. Kommunen får fastlandssamband til Rennesøy hausten 2009. Kommunesenteret ligg på Judaberg på Finnøy. Her ligg rådhuset, og mange av kommunens ca. 340 tilsette arbeider der. Kommunen har 6 oppvekstsenter, og ein vidaregåande skule (www.finnoy.kommune.no).



Bilete 3 Hamna i Judaberg (Olsen, 2005)

4.3.1 Med den eine foten i åkeren, den andre på tilja og Vårherre i ryggen.²

Finnøy og dei omliggande øyane er fruktbare. I tidlegare tider var Finnøy ei kornbygd, dette endra seg omkring 1850 – 1860 då ein fekk billegare korn ved import. Landbruksproduksjonen endra seg då til husdyrhald, og det vart skipa eige meieri på Finnøy. Vidare i tida etter 1945 vart det vanleg å sette opp drivhus for tomatproduksjon på gardane som støtta opp under gardsdrifta. I tillegg til husdyrhald og drivhus var fiske ei viktig attåtning, særleg sildefiske, men òg anna sesongbasert fiske etter hummar og brisling. Øy-bøndene tilpassa aktiviteten på sjøen slik at det ikkje tok arbeidskraft frå oppgåvene som skulle gjerast på land. Slik sesongbasert drift både på hav og land har kjenneteikna øybuen i lange tider (Skartveit, 2005). Eit anna trekk ved det tidlegare samfunnet i Finnøy er bedehusrørsla. Bethel – ”Herrens hus” står godt planta opp for kaien på Judaberg. Berge Furre (2005) skriv at vekkingane for som kastevindar over øyane alt tidleg på 1800- talet, og at det var storm i kasta frå 1870 og utover. Kristent liv har ein sentral plass i kulturhistoria til Finnøy, og det er noko av denne kulturarven som vert humoristisk, men seriøst formidla av turisme og opplevingsverksemda *Ryfylke Livsgnist* med sin ”vandring i bedehusland.”

² Overskrifta er lånt frå ein tekst av Birger Lindanger i Olsen (2005).

4.3.2 Dagens produksjon

Primærnæringane er framleis framtrekkande i kommunen. Ein tredjedel av dei yrkesaktive i Finnøy jobbar i eller i tilknytning til primærnæringa (www.ssb.no). Husdyrhald er stadig ein sentral del i landbruket, men i tillegg til dette har det vaks fram ei profesjonalisert veksthusnæring, og Finnøy kommune har etter kvart blitt stor på tomatproduksjon. I 2006 produserte gartnerane i Finnøy meir enn 40 prosent av alle tomatane i Noreg. Til saman blei det sendt over 4 millionar kilo tomatar frå vel 50 bruk. I snitt blei det i 2006 hausta 43 kilo tomatar per kvadratmeter. Eit anna produkt som Finnøy merkar seg ut på, er egg. Om lag 160 000 verpehøns sikrar at Finnøy er ein av dei kommunane i landet som leverer flest egg til marknaden (www.tomatfestivalen.no).

Det tradisjonelle fisket i samband med gardsdrift er sterkt redusert, på sjøen er det havbruk som dominerer. Nord i Rogaland er det om lag 30 fiskeoppdrett av ulike slag. Mange av desse har sitt tilhald i dei tilgrensande sjøområda rundt Finnøy kommune, og sysselset fylgjeleg ein del personar frå Finnøy (www.fiskeribladetfiskaren.no, www.griegseafood.no, www.biomarinvekst.no)

Det er heilt klart at store delar av identiteten til folket i Finnøy kommune knyt seg til produksjon innan primærnæringane. Eit døme på dette er den årlege tomatfestivalen som vert arrangert i Judaberg kvar sommar. Tomatfestivalen er ein mat- og landbruksfestival, der



Bilete 4 Frå tomatfestivalen (www.tomatfestivalen.no)

mottoet er ”mat generelt – tomat spesielt.” Festivalen er skipa av diverse lag og organisasjonar, der det vert laga aktivitetar og opplevingar for alle aldersgrupper. Tomatfestivalen har brei oppslutnad og det kjem folk både frå fjern og nær (www.tomatfestivalen.no). Sjølv om Finnøy kommune står fram som ein naturmessig idyllisk plass med eit aktivt nærings- og kulturliv, så opplever Finnøy kommune ei negativ folketalsutvikling. Tal frå statistisk sentralbyrå syner ein negativ trend frå 2000 til 2006.

På heimesidene til kommunen står det at turisme òg er ei hovudnæring, og at folketalet i kommunen doblar seg i sommarmånadane. Dei fine omgjevnadene rundt Ryfylke- øyane gjer at staden er eit populært hytteområde for Stavangerregionen. Dei lune sjøområda mellom øyane medverkar og til at båtturisme grip om seg i kommunen. Ein finn gjestebrygger mellom anna på Judaberg, Reilstad, Steinnesvåg og Langøy. Kvitevik er kommunens offentlege badeplass med toalett og tilrettelagd for funksjonshemma, mens ein finn naturlege badeplassar på alle øyane i området. Sjøområda står fram som eit eldorado for dei som ynskjer å fiske, og den geografiske plasseringa av øyane gjer at ein alltid finn plass ”i livda.”

4.4 Regelverk for fritids/turistfiske

Denne oppgåva tek utgangspunkt i at fisketurismen er mogleggjort av, og i hovudsak basert på fiskeressursen. Derfor er det tenleg med ei klargjering av regelverket rundt fritidsfiske og turistfiske. Den fylgjande informasjonen baserer seg på informasjon frå Fiskeridepartementet (www.regjeringen.no).

Regelverket skil mellom yrkesfiske og fritidsfiske, det er fritidsfiske som vert omtala her. Alle norske statsborgarar og personar busette i Noreg har i utgangspunktet rett til å drive fritidsfiske i norske sjøområde, det er og mogleg å omsette fangsten frå slikt fritidsfiske gjennom ein godkjent kjøpar i salslagsordninga. Norske fritidsfiskarar må fylje ei avgrensing på type og mengd av fiskereiskapar. Det er til dømes lov å fiske med garn inntil 210 meter, line med 300 krokar og 20 teiner eller ruser. I tillegg til dette er det ei rekke avgrensingar på utforming av fiskereiskapen, fredingstid, minstemål osv.

Utanlandske statsborgarar som ikkje har fast bustad i Noreg har same retten til å fiske i sjø, men dei har berre lov å bruke handhaldne fiskereiskapar som dorg, snøre og fiskestang. I tillegg har dei ikkje lov å vidaresele fangsten. 1. juni 2006 innførte Fiskeri- og Kystdepartementet ei utførselskvote på marin fisk frå turist og fritidsfiske, kvota vart sett til 15 kg fiskevarer per person. Fisk som kan dokumenterast kjøpt frå registrert næringsdrivande vert ikkje omfatta av kvota. Ferskvassfisk vert heller ikkje omfatta av utførselskvota.

Sjølv om dette regelverket set klare grenser for kvantumbasert fisketurisme, ser ein likevel at fiskeressursen langs norskekysten kan reknast som ein allmenning til glede og nytte for både norske og utanlandske statsborgarar. At fiskeressursen er ein allmenning for alle menneske som bur og vitjar Noreg er eit viktig poeng for den poststrukturelle produksjonskjeda er introdusert i teorikapittelet. Allmenningstankegangen er òg sentral i påstanden om at fisketurismenæringa dreg nytte av ein tilnærma gratis innsatsfaktor.

4.4.1 Definisjonen av ein fisketurist og fisketurismeverksemd

Borch (2004) definerer ein fisketurist slik: *”a person travelling away from home to stay overnight to take part in fishing for recreational purposes.”* (Borch, 2004:4) I denne oppgåva er fokuset på tilbydarane av fiskerelaterte aktivitetar, ikkje fisketuristen. Det vil heller ikkje vere tenleg å berre fokusere på dei verksemdene som utelukkande har fisketuristar, fordi turistverksemdene som er undersøkt har fleire besøkande enn berre fisketuristar. I denne oppgåva vil eg nytte NHO sin breie definisjon av ei fisketurismeverksemd: *” En fisketurismebedrift tilbyr opplevelser knyttet til fiske hvor turisten selv er den som fisker”* (www.fisketurisme.no).

Som me skal sjå, er fisketuristar i mange høve eit supplement for å utvide den norske høgsesongen. Likevel er omgrepet fisketurist mykje brukt i denne oppgåva, det er underforstått at det er fisketuristane som konsumerer turistprodukta det er snakk om. Vidare er det mogleg å dele inn fisketuristar i ulike grupper basert på motiv, til dømes frå dei som vil ”fyller frysen” til dei som berre vil fiske litt. Slik inndeling er bevisst utelate i analysen nettopp fordi den poststrukturelle produksjonskjeda problematiserer vanskaner med å tilby aktivitetar tilpassa ulike turistpreferansar.

5 Fisketurismeverksemdene i Finnøy kommune

5.1 Samanlikningsgrunnlag

For å kunne seie noko om produksjonssystemet innanfor fisketurisme, og for å kunne vurdere verksemdene i Finnøy kommune, vil eg innleie dette kapittelet med å beskrive eit slags "idealtilbod" for fisketuristar. NHO-reiseliv har laga eit klassifiseringssystem for fisketurismeverksemdar der verksemdene kan søke medlemskap og verte klassifisert for å bruke denne klassifiseringa i marknadsføring. Klassifiseringssystemet vurderer verksemdene blant anna ut frå: Anlegg, bustad, båtar, fisk og tryggleik. I NHO si oversikt er det seks verksemdar (30.03.2008) som har oppnådd beste karakter, fem stjerner.

Alle desse verksemdene har fasilitetar som støttar totalopplevinga av det å ha ein ferie tilknytt fiskeaktiviteten. I registreringsskjema for klassifisering står det mellom anna: *"Anlegget tilbyr aktiviteter knyttet til fiske hvor turistene selv er den som fisker. Totaltilbudet omfatter både overnatting, båt m/motor, tilrettelegging av fiske og aktiv kunde oppfølging"* (www.fisketurisme.no).



Bilete 5 Båthamn klassifisert til høgaste standard av NHO-reiseliv (www.fisketurisme.no)


Verksemdene med høgast karakter har alle eit utstrakt tilbod til turistane. I tillegg til å dekke behova om tryggleik, sløyeplass og båt-utleige vert det og tilbydd matservering, ulike

naturaktivitetar (guiding, sjøsafari, dykking, kanotur) og oppfølging i høve til bevaring og tilverking av fangsten.



Bilete 6 Nøgne fiskarar ved sløyebordet der det er tilrettelagt med vatn og reingjeringsmoglegheiter (www.fisketurisme.no)

Med NHO sitt klassifiseringssystem i høve tilbodet til fisketuristar, vil eg lage ei oversikt over tilbodet til fisketurismeverksemdene i mitt studieområde. Jamfør teorien om territorielle produksjonssystem og differensieringa mellom generisk og dedisert produksjon, vil inndelinga inneha ein skaladimensjon frå det heilt enkle tilbod, til det dediserte tilbod. Inndelinga av tilbodet vert som fylgjer:



Figur 5-1 Inndeling av turistaktivitetar på ein skala frå generisk til dedisert

Hytte og båt refererer til eit minimustilbod der fisketuristen leiger plass å bu, og har høve til å vere på sjøen og fiske. Med *hjelp til fiske* meinast det at verten, eller tilsette i verksemda, er med turistane ut og syner dei fiskeplassar, bruk av fiskeutstyr og liknande. *Foredling* skal forståast som fasilitetar og hjelp til vidare raffinering av turistane sin fangst, dette kan til dømes vere røyking, salting og maskiner til fiskefarse. *Matsservering* betyr enkelt at verksemda tilbyr varm mat til turistane under opphaldet. *Ekstern guide*, refererer til eit tilbod om omvising eller organiserte fisketurar. *Kurs og konferanse* betyr fasilitetar til å ta imot grupper som har behov for seminar- rom og matsservering. *Lokale kulturinnslag* er arrangement som går ut over det opplevingsmessige knytt til det marine. Lokale kulturinnslag er til dømes historiske foredrag, visekvelder, vandringar og liknande. Eg vil presisere at eg i mine undersøkingar ikkje har operert med absolutte skott mellom dei ulike omgrepa. Inndelingar er basert på eit subjektivt totalinntrykk i møte med informantane.

5.2 Samla inntrykk av dei intervjuar verksemdene i Finnøy kommune

For det første er det ingen av tiltakshavarane for turistverksemdene som berre arbeider med turisme. Alle oppgjev at dette er ein syssel ved sidan av anna arbeid i større eller mindre grad. For det andre er det heller ingen av verksemdene som berre rettar seg inn mot fisketuristar, turistprosjektet som vert drive er i stor grad multifunksjonelt, det vil seie at aktivitetane som vert tilbydd på plassen går utover det enkle konseptet med hytte og båt. Dette er forsøkt vist nedanfor i tabell 5-1. Ver merksam på at tilbod ikkje er det same som faktisk aktivitet, denne framstillinga er laga på bakgrunn av kva som er mogleg å tilby på staden.

5. Fisketurismeverksemdene i Finnøy kommune

Tabell 5-1 Oversikt over turisttilbod hos dei ulike verksemdene (eiga forskning)

Verksemd	Hytte	Båt	Hjelp til fiske	Foredling	Matservering	Ekstern guide	Kurs og Konferanse	Lokale kulturinnslag
A	X	X	X	X	X	X	X	
B	X	X			X		X	X
C	X	X	X					
D	X	X	X					
E	X	X	X	X		X		
F	X	X	X	X	X		X	X
G	X	X	X		X			
H	X	X			X		X	
SUM	8	8	6	3	5	2	4	2

Ut i frå tabell 5-1 ser ein at fleire av verksemdene har eit tilbod til turistar utover det heilt enkle hytte og båt konseptet, og når høgt opp på skalaen mot dediserte produkt. Alle tilbyr hytte og båt, seks av dei 8 tilbyr hjelp til fiske, og tre har ekstrasasilitetar til vidare foredling. Dette tilbodet er skipa ut i frå ei totalvurdering av turistmassen som verksemdene opplever i ein sesong. Nokre verksemdar fokuserer på fisketuristar i dei periodane der norske turistar er fråverande, mens nokre verksemdar kombinerer fasilitetar for båtturistar, campingturistar og fisketuristar.

I slike multifunksjonelle verksemdar er det difor vanskeleg å skilje ut kva fisketuristane konsumerer basert på kva som kan tilbydast på staden. Difor har eg i samtale med kvar enkelt verksemd laga ei oversikt over kva type aktivitetar dei meiner vert konsumert av sine fisketuristar. Stilt overfor spørsmål om kva aktørane opplever som hovudsakleg faktisk konsum og interesse frå fisketuristane ser tabellen slik ut:

Tabell 5-2 Faktisk turistaktivitet i dei ulike verksemdene (eiga forskning)

Verksemd	Hytte	Båt	Hjelp til fiske	Foredling	Matservering	Ekstern guide	Kurs og Konferanse	Lokale kulturinnslag
A	X	X						
B	X	X						
C	X	X						
D	X	X						
E	X	X		X				
F	X	X	X	X				
G	X	X	X					
H	X	X						
SUM	8	8	2	2				

Basert på kva representanten for verksemda meiner er interessa til fisketuristane, ser ein altså at det ikkje vert konsumert reiselivsprodukt i særleg grad utover overnatting og båtlege på staden. Berre tre verksemdar meiner at hovudtyngda av fisketuristane konsumerar ekstratilbod. I høve til konvensjonsteori vil denne skilnaden mellom verksemdenes opplevde konsum og faktiske tilbod kunne leie til normer og praksisar for kva som sel til ein fisketurist. Felles forventningar om kva ein fisketurist faktisk konsumerer, vil i fylgje Storper (1997) leie til produksjonskonvensjonar som deretter vert meir eller mindre innarbeidde rutinar innanfor næringa. I høve produksjonskjedeteori ser ein klart at mesteparten av konsumet til fisketuristane held seg innanfor standardisert generisk produksjon. Korleis dette høver med produksjonskjeda vert diskutert seinare.

5.2.1 Produksjonssystem og identitet

For å kunne seie noko om miljøet og organiseringa til produksjonssystemet er det naudsynt å avdekke motivasjon og logikk i forhold til produksjon til dei hovudaktørar som representerer verksemdar (Camagni, 1991). Vidare vil òg hovudaktørane sin bakgrunn for oppstart fortelje noko om satsinga på ein ny næring har pressa seg fram som ein konsekvens av missnøye med eit det gamle produksjonssystemet, slik som Wallace (1956) nyttar revitaliseringsomgrepet. I det fylgjande vil eg forsøke å avdekke korleis hovudaktørane i turismeverksemdene ser på seg sjølv, og i kva grad hovudaktørane identifiserer seg med turismeproduksjon.

Som tidlegare fortalt vert desse verksemdene sett på som ei attåttnæring eller ein tilleggssysseml for dei fleste. Når dette er sagt er det lett å forstå attåttnæring som ein mindre del av den totale inntekta til ei hushaldning, men dette er ikkje nødvendigvis tilfellet. I mange høve er inntekta frå turistverksemda vel så stor som "hovudnæringa," men det vert likevel sett på som ei attåttnæring. Hovudaktør N, uttrykte det slik: "...mange av dei som driv her, driv svært godt, likevel driv dei med eit par kyr eller eit drivhus, folk ser ikkje seg sjølv som ei turistnæring.....folk er veldig lojale mot dei tradisjonelle næringane..."

Tabell 5-3 Meiningskjema over produksjonsidentitet (eiga forskning)

Verksemd	Ser på seg sjølv i hovudsak som turismeprodusent	Turismeproduksjon representerer hovuddelen av inntekta mi	Visjonen er at eg skal kunne leve av turisme aleine
A	Nei	Nei	Nei
B	Nei	Ja	Ja
C	Nei	Nei	Nei
D	Nei	Nei	Ja
E	Nei	Nei	Ja
F	Nei	Ja	Ja
G	Ja	Ja	Ja
H	Ja	Ja	Ja

Tabell 5-3 gjev grunnlag for å seie at hovuddelen av verksemdene ikkje identifiserer seg sjølv som produsent av turistaktivitetar. Seks av 8 ser ikkje på seg sjølv som produsent av turistaktivitetar. Halvparten stadfestar likevel at turismen representerer hovuddelen av inntekta. I fylgje teorien om territorielle produksjonssystem kan ei slik haldning tyde på at hovudaktørane ikkje er forsvararar av eit turismeproduksjonssystem, men at persepsjon og kultur frå andre typar produksjonssystem styrer. Samtidig kan ein slik identitetskategori som det å vere turismeprodusent, vere for bastant. I teorikapittelet såg me at Wallace (1956) sin revitaliseringsprosess peika på eit utviklingstrinn der aktørar er i oppbrot med etablerte normer for produksjon. Kan hende turismeproduksjon ikkje har festa seg som identitetsmessig kategori enno?

5.2.2 Bakgrunn for oppstart

Aktørane sin bakgrunn og motivasjon for å starte med fisketurisme vil gje ein peikepinn på profesjonaliseringa og rettinga mot fisketuristar. Tabellen 5-4 syner tre moglege utgangspunkt for å starte med fisketurisme.

Tabell 5-4 Haldningar som syner motivasjon for oppstart (eiga forskning)

Verksemd	Har turistfasilitetar frå før, fisketuristane utvidar sesongen om våren og hausten.	Rehabiliterte gamle bygg slik at dei egna seg for fisketuristar	Berre nybygg ved oppstart
A	Ja	Nei	Nei
B	Nei	Ja	Nei
C	Nei	Ja	Nei
D	Nei	Ja	Nei
E	Nei	Ja	Nei
F	Ja	Nei	Nei
G	Ja	Nei	Nei
H	Ja	Nei	Nei

I tabell 5-4 kjem det fram to kategoriar i høve motivasjon for å starte med fisketurisme. Halvparten av verksemdene hadde turistfasilitetar frå før. Desse verksemdene hadde fasilitetar før fisketurismen greip om seg tidleg på nittitalet, og fisketuristar var ein måte å forlenge hyttesesongen på. Desse aktørane såg ein trend i marknaden og retta seg aktivt mot fisketuristar som forlenga sesongen ”i begge endar” utover høgsesongen som var dei to norske feriemånadane. Den andre gruppa er nyetableringar i form av restaurering av eksisterande bygningar og oppføring av nye hytter nær sjøen, som kunne tene som ei ekstraintekt oppå anna arbeid. Det vert lagt vekt på at innsatsfaktorane er relativt små i starten (ved restaurering), og at ivaretaking av bygningsmasse er eit gode som talar for å starte med fisketurisme fordi det vert skapt inntekter ved å ta vare på bygningar.

Her ser ein altså at fisketurisme ”passar inn” i eksisterande strukturar. For det første er det reiselivsaktørar som allereie driv hytteturisme som får inn fleire turistar i ein lengre periode av året. Og for det andre er det ein del eksisterande bygningsmasse knytt til gardsbruk, fiskeindustri og liknande som får ny bruk som fisketuristhytter. Fylgjeleg vil denne

innpassinga i eksisterande strukturar tale for at fisketurismenæringa er ei stadeigen næring, som produserer med ein logikk gitt dei eksisterande produksjonssystema.

5.3 Oppfattinga av potensiale for seg sjølv og regionen

Sjølv om fisketurisme passar inn i etablerte strukturar, må det likevel eksistere ei oppfatting av at staden og kulturen har ein verdi som kan kommersialiserast som turistopplevingar. Revitaliseringsprosessen såg me dreia seg om å omrokere ressursar på nytt til eit system som gjev området ein ny giv. Fylgjeleg må då aktørane sjå på sine ressursar og moglegheiter som verdifulle. I samtale med hovudaktørane kjem det fram at regionen Finnøy kommune har mykje å by turistar, og at turisme nettopp er ein aktivitet som kan vitalisere regionen.

”Det ligg mykje pengar i turisme, og eg trur det er viktig for distriktsnoreg at me klarar å ta i bruk naturen gjennom turisme” Verksemd G

”Ti kilo fisk til ein turist er meir verd enn ti kilo fisk til eit fiskemottak” Verksemd B

Den gjennomgåande haldninga er at aktørane som driv med fisketurisme meiner at omgjevnadane og fiskeressursen er mykje verd foredla som turisme. Dei fleste har ei oppfatting av at distrikta syner ein nedadgåande tendens med tanke på verdien av tradisjonell produksjon innan jordbruk og fiske. Dette støttast òg av at mange oppgjev *”fleire bein å stå på”* som grunnen til at dei starta med fisketurisme. Vidare er det og ei felles uttrykt meining at turisme må komme i tillegg til tradisjonelle næringar. Det er dei tradisjonelle næringane som tek vare på landskapet på ein slik måte at det vert eit attraktivt reisemål. Hovudaktør J uttrykte det slik: *”Fjordnoreg er ikkje verdens beste reisemål på grunn av fjordane, men folket i fjordane.”* Slike utsegn kan tyde på ei forståing av turisme som noko meir enn berre å vere tilstades på ein plass og observere, når det vert referert til *”folket i fjordane,”* er det ein referanse til kulturen og aktiviteten som kjenneteiknar staden.

5.4 Det stadeigne produktet

Som vi såg i teorikapittelet meiner Creviosier at territoriet bind saman eit område sine fysiske ressursar og menneskeleg nedarva kunnskap og definerer kva oppgåver som er nære og

kjende, og fjerne og usikker. Dette får konsekvensar for kva som av lokale marknadsaktørar kan mobiliserast og marknadsførast utan vidare vanskar. Underproblemstillinga for denne oppgåva stiller spørsmål om det stadeigne produktet, om fisketurismenæringa innehar kulturelement som aktørane meiner er særigne for staden. Tabellen 5-5 søker å seie noko om kva fisketurismeverksemdene meiner er hovudproduktet i deira verksemd, og om turistproduktet dei tilbyr er unikt.

Tabell 5-5 Vurdering av produksjon (eiga forskning)

Verksemd	Kor stor tyding har fiskeressursen i ditt turistprodukt?	Skil di verksemd seg ut samanlikna med andre i regionen?	Korleis vil du skildre regionen sitt potensiale i høve turismeverksemd?
A	Viktig	Ja	Stort
B	Mindre viktig	Ja	Stort
C	Viktigast	Nei	Stort
D	Viktigast	Nei	Stort
E	Viktigast	Nei	Stort
F	Viktig	Noko	Stort
G	Viktigast	Nei	Stort
H	Viktig	Nei	Stort

Som vist tabell 5-5 ser ein at det i hovudsak er fisken som vert oppgjeven som hovudproduktet i dei respektive føretaka. 4 av 8 verksemdar seier det er viktigast, 3 seier at fisken er viktig, mens berre ei verksemd seier at fiskeressursen ikkje er så viktig for deira turistprodukt. På spørsmål om kva som er spesielt med akkurat dette føretaket, og korleis det skil seg ut frå andre, er den gjennomgåande haldninga at deira turistopplegg ikkje skil seg ut frå andre i regionen. Det er berre 2 verksemdar som meiner at dei har eit turistopplegg som skil seg ut. Dette skilje kan tyde på at den naudsynte ”spissinga” av eit stadeige unikt produkt ikkje er tilstades. Ein hovudaktør N uttrykte seg slik: *”..folk set opp eit par hytter, og så meiner dei at dei er ferdige, det er veldig viktig å sjå seg sjølv som vert..”* Eit slikt utsegn kan syne ei viss misnøye med produksjonen i delar av fisketurismenæringa. Hovudaktør N uttrykker at det kan gjerast meir i høve til andre aktivitetar som fisketuristar kan delta i.

På den andre sida er det ei gjennomgåande haldning blant alle aktørar at regionen har eit stort potensiale for utvikling av naturbasert turisme, men aktørane innan fisketurismesegmentet ser det ikkje som si oppgåve å tilby aktivitetar åleine. Hovudfokuset er å vere ein tilretteleggjar for fiskeaktivitet og ikkje ”forstyrre” eit reiselivsprodukt som faktisk fungerer og gjev inntekt. Denne haldninga stemmer bra overeins med tabellane (5-1, 5-2) som syner kva form for aktivitet som kan verte tilbydd fisketuristane, og kva aktivitet som faktisk føregår. Dei som driv med fisketurisme gjev uttrykk for at dagens produkt er eit resultat av prøving og feiling der gjenkjøp er ei stadfesting av at produktet var tilfredsstillande. Somme fisketuristverksemdar hevda å ha 90% gjenkjøp og ser seg særst nøgde med dette. Dei som har oppnådd ein slik posisjon i marknaden uttrykker at produktet er i ein slags ”ferdig” tilstand nettopp fordi kapasiteten vert utnytta år etter år.

5.5 Samarbeid

Argumentasjonen som fylgjer av problemstillinga og teorien denne oppgåva byggjer på, hevdar at fisketurisme kan revitalisere ein stad ved å etablere eit produksjonssystem basert på turistaktivitet, spesielt fisketurisme. Slik revitalisering fordrar i fylgje Crevoisier (2004) eit miljø som tillet samhandling mellom aktørar på ein stad. Slikt samarbeid leiar til refleksive tankeprosessar, som vert ei kjelde til vekst for dei aktørane som innehar dei. I denne samanhengen deler eg fisketuristverksemdene sitt syn på samarbeid inn i to kategoriar, relasjonelt og refleksivt.

Ei relasjonell form for samarbeid vert eit samarbeid som ikkje er naudsynt, men som gjensidig vil vere støttande for aktørane sin aktivitet, til dømes at aktørane i reiselivsbransjen viser gjestane over til andre i same område når dei sjølv ikkje har kapasitet til å ta imot fleire. Med refleksivt samarbeid meinast det at aktørar sjølv går i lag for å tenke korleis dei saman kan gjere ei oppgåve betre. Dette er til dømes det som skal til for å lage produktpakkar saman, eller å utvikle nye produkt.

Tabell 5-6 Verksemdene sine samarbeidsformer (eiga forskning)

Verksemd	Samarbeider med andre verksemdar når det er naudsynt	Har faste samarbeidspartnarar på aktivitetar som eg meiner hever turistproduktet	Arbeider aktivt med andre turistverksemdar i regionen for å "sy saman" eit bra tilbod
A	Ja	Nei	Nei
B	Ja	Ja	Nei
C	Ja	Nei	Nei
D	Ja	Nei	Nei
E	Ja	Nei	Nei
F	Nei	Nei	Nei
G	Ja	Ja	Ja
H	Ja	Nei	Nei

Tabellen 5-6 viser oss at 5 verksemdar samarbeider når det er naudsynt, men at dei ikkje har faste samarbeidspartnarar. Desse verksemdene karakteriserast av at dei er relativt små og er meint som ei attåttnæring. Denne kategorien kan vere med å underbygge ein påstand om at attåttnæringspreget fisketurisme har ikkje bygger opp om ei profesjonalisering og samarbeid som skal til for å etablere eit nytt produksjonssystem. Basert på intervju med fisketurismeverksemdene går det fram at aktørane har ulik oppfatting av samarbeid og at det er det relasjonelle naudsynte samarbeidet som er mest framtrêdande. Eit relasjonelt samarbeid går til dømes på kapasitet. Om ei verksemd ikkje har belegg til å ta i mot kundar som ynskjer opphald på akkurat den staden, vert naboverksemda kontakta for å innlosjere reisefylgje. Vidare er det og samarbeid om båtar om eit reisefylgje skulle ønskje seg fleire båtar enn det verksemda kan tilby.

To av 8 verksemdar oppgjev at dei samarbeidar fast med lokale aktørar. Samarbeidet er ikkje formalisert, men det dreier seg om ting som transport, guiding og kjøp av fisk hjå forhandlar. Dette er eit samarbeid som ikkje er naudsynt, men som vert tilbydd som ekstraservice og som verksemdene meiner er med på å heve opplevinga til turistane under opphaldet, samtidig som det er gjensidig inntektsskapande for verksemdene.

Ei verksemd stadfesta at eit refleksivt samarbeid vart etablert der ein gjekk saman og marknadsførte staden som ei produktpakke der turisten vel ei pakke basert på fleire aktivitetar som regionen har å tilby.

Ut i frå kategoriseringa av samarbeidsformene ser ein at somme verksemdar har ei oppleving av at det å knyte til seg samarbeidspartnarar kan heve turistopplevinga. Likevel er det berre 2 av 8 som har faste lokale samarbeidspartnarar. Dette kan tyde på at fisketurisme er ein type aktivitet som kan drivast aleine. Men òg som me skal sjå seinare at det å formalisere avtalar og lage turisttilbod til fisketuristar medfører ein risiko fordi ein må treffe preferansane til fisketuristen. Slik sett kan det utvikle seg produksjonskonvensjonar som rettar seg mot det generiske tilbodet, fordi det trass alt er fisk, hytte og båt som er oppfatta å vere hovudkonsumet til fisketuristane.

5.6 Kva fisken har å seie for fisketurismen i Finnøy kommune

I tabell 5-5 (side 59) ser ein i hovudsak to haldningar som er framtrekande blant fisketurismeverksemdene når det kjem til kva fisken har å seie for deira turistprosjekt. Det som går att er at fisken er den absolutt viktigaste bestanddelen i turistkonseptet. Nokre meiner at det å fiske, altså å tilbringe tid på sjøen i vakre omgjevnader er det viktigaste, mens andre meiner at det å få fisk, og å få mykje fisk, er den viktigaste opplevinga. Alle er samde om at aktivitetar utanom det å fiske kjem i andre rekke for sine turistar. Samtidig er det ingen som opplever innføringa av kvotegrensa på eksport av fisk som særleg problematisk. Nokre har ei bekymring for den framtidige marknaden med tanke på å verte utkonkurert av andre attraktive land, men ein slik trend kan ingen sjå og legge merke til. Fleire informantar meiner likevel at kvoteregulering kan føre til ei mindre berekraftig utnytting av fiskeressursen fordi dei meiner å oppdage at utanlandske turistar kastar liten fisk, og i tillegg så tek dei berre ryggfileten av fisken, altså det beste stykket på kvar fisk. Dette er ei ressursutnytting som dei fleste meiner er dårleg.

5.7 Fisketurisme og framtidvisjonar

Innanfor den moderne kapitalismens dynamikk er det mogleg for marknadsaktørar å påverke den økonomiske utviklinga som ein sjølv er ein del av. Som ein såg i teorikapittelet er refleksive prosessar knytt opp mot å sjå seg sjølv og si eiga verksemd i ein framtidig kontekst med endra rammevilkår, og vidare aktivt omstille seg for å overleve i ei endra produksjonsverd. Framtidvisjonane til dei ulike fisketurismeverksemdene deler seg i to grupper ettersom aktørane er store og har investert mykje, eller om dei er små og har investert mindre.

Tabell 5-7 Verksemdene sin framtidige strategi for utvikling (eiga forskning)

Korleis ynskjer du å vidareutvikle verksemda du har i dag?		
Verksemd	Kapasitetsauke	Fleire aktivitetar for turistane
A		X
B	X	
C	X	
D	X	
E	X	
F		X
G		X
H	X	

Tabell 5-7 syner heilt klart to ulike strategiar for å utvikle verksemda si. 5 av 8 ynskjer å utvide talet på sengeplassar, altså ein auke i talet på turistar i løpet av ein sesong, dette er òg mange av dei same verksemdene som driv i mindre skala som attåttnæring. Dei resterande 3 av 8 representerer dei store aktørane som ser fisketurismen som eit enkelt standardprodukt som dannar grunnlaget for ein vidareutvikling mot meir dediserte turistprodukt. Dei ynskjer å vri verksemda si inn mot opplevingsturisme for ein kjøpesterk marknad som til dømes verksemdsmarknaden i Stavangerområdet og for utanlandske turistar som ynskjer meir enn berre å fiske. Hovudskilnaden på desse to kategoriane av verksemdar er storleiken, det er dei store aktørane som ynskjer fleire aktivitetar. Visjonen er å ta i bruk ressursar i nærområdet både når det gjeld mat, opplevingar og kulturinnslag. Ut i frå Storper (1997) sine

produksjonsverder ser ein altså at visjonen rundt turistproduktet går frå ein standardisert generisk produksjon, til ein dedisert spesialisert produksjon, men dette gjeld berre eit fåtal.

Visjonen til dei mindre aktørane går i retninga av auka kapasitet på det konseptet som allereie er etablert, og i tillegg til denne visjonen knytte seg til aktivitetar som allereie er etablert i området, utan å stå for desse sjølv. Men dei små aktørane ser stadig for seg at standardproduktet med tilbodet om hytte og båt vil vere berebjelken i verksemda si drift.

Undersøkingane som er vist i dette kapitlet støttar og delar av argumentet som er nemnd innleiingsvis (1-3). Ein ser her att fisketurisme som næringsaktivitet skapar verdiar for verksemdene, men at det ikkje automatisk skapast produkt og tilleggsnæringar som spring ut frå fisketurismen. I teorikapitlet (s.20) vart det vist to moglege produksjonssystem av fisketurisme, eit som dannar grunnlag for ein generisk produksjon, og eit med ein dedisert spesialisert produksjon. Det er vist empirisk at dette er tilfelle i Finnøy kommune, og at denne delinga kanskje kan skuldast mangel på samhandling. Ein slik mellombels konklusjon er likevel ikkje sikker, og dei vidare kapittel vert det lokale miljøet, og semje mellom grupper av hovudaktørar meir vektlagd, for å vurdere hovudproblemstillinga.

6 Semje og usemje om fisketurisme

Teorien om territorielle produksjonssystem poengterer at hovudaktørar ikkje nødvendigvis berre leier verksemder, men og sentrale personar i administrasjon, politikk og næringsliv (2-6). Hovudaktørane utgjer altså det lokale miljøet som ser moglegheiter, og set avgrensingar for kva produksjon som skal støttast (Lindkvist, 1996). Camagni (1991) hevder at det er viktig at det eksisterer ei semje mellom desse for at ei ny næring som fisketurisme skal kunne vekse og utvikle seg.

I metodekapittelet er det skissert ei deling mellom hovudaktørane i fisketurisme-produksjonssystemet på Finnøy, hovudaktørgruppe 1 og 2. I det vidare vil eg forsøke å få fram skilnadane i synspunkt i høve fisketurisme blant desse to gruppene.

6.1 Lokal rollemodell for turismeproduksjon

I mitt arbeid med å intervjuje ulike aktørar i Finnøy kommune og omegn, var det ei verksemd som stadig vart nemnt som ei verksemd med eit konsept til etterfylging. Dette er opplevings og turismeverksemda *Ryfylke Livsgnist*. *Ryfylke Livsgnist* starta i 2003 med opplevingsturisme basert på lokale attraksjonar i Finnøy kommune. Det mest kjende konseptet er ”vandring i bedehusland” som har ca 2500 besøkande kvart år. Vandringa i bedehusland er ei reise basert på lokal kulturformidling og lokalt næringsliv. Reisa er sett saman av ulike aktiviteter, med alt frå bedehusunderhaldning og besøk av gamle kulturminne, til verksemdsbesøk hos tomatprodusentar, sølvsmed og fiskebutikk. Dei ulike turane er sett saman etter behov og ynskje til turistane. *Ryfylke Livsgnist* betaler for dei attraksjonane dei vitjar undervegs hos dei verksemdene som ikkje har varer å selje, mens dei andre får betalt i form av auka sal av deira produkt, såleis forgreinar denne forma for turisme ein god del inntekter lokalt. I tillegg til denne vandringa tilbyr *Ryfylke Livsgnist* lagbygging, kurs og konferansar, meidietrening og underhaldning til ulike anledningar.

Verksemda får sær gode tilbakemeldinger både frå turistar og dei aktørane som er med på å produsere produkta som *Ryfylke Livsgnist* består av. Lokale verksemder opplever ei stoltheit

6. Semje og usemje om fisketurisme

av å vise fram lokale produkt og kultur, og meiner at det er rom for meir aktivitet etter modellen av *Ryfylke Livsgnist*.

Tabell 6-1 Hovudaktørgruppe 2 sine meiningar om fisketurisme (eiga forskning)

Hovudaktørgruppe 2	Er turisme etter modellen av Ryfylke Livsgnist "vegen å gå" for utvikling av turisme i Finnøy kommune?	Kan fisketurisme passe inn i ein slik modell?
I	Ja	Ja, men då må det samarbeid til
J	Ja	Ikkje med den kundegruppa fisketurismen har i dag, det må vere meir kjøpsterke turistar
K	Ja	Ja, men det krev større innsats
L	Ja	Nei, fisketuristar vil berre fiske
M	Ja	Ja, men då må folk samarbeide
N	Ja	Ja, men det krev innsats og samarbeid
O	Ja	Trur ikkje det
P	Ja	Fisketuristane vil nok berre fiske
Q	Ja	Ja, men det krevjast mykje arbeid

Som ein ser i tabell 6-1 er informantane i hovudaktørgruppe 2 samstemde i at turisme etter modell av *Ryfylke Livsgnist* er ynskjeleg i Finnøy kommune. Verksemda byggjer på lokal kultur, og forgreiner ein stor del økonomisk aktivitet på lokale verksemder.

Ser ein på korleis hovudaktørgruppe 2 meiner at fisketurisme passar inn i ein modell av *Ryfylke Livsgnist*, kjem det i hovudsak fram tre haldningar. For det første meiner dei at fisketuristverksemdene må samarbeide betre for å klare å lansere produktpakker og aktivitetar saman. For det andre er det ei viss skepsis til kundegruppa "fisketuristar." Fleire peikar på at denne gruppa i mange høve er ei kjøpesvak gruppe, som ikkje har råd til anna enn å leige hytte og båt. *"Turistane kjøpe verken vått eller tørt, og det er jo forståeleg, då hadde dei ikkje hatt råd til reisa."* Hovudaktør J. For det tredje er det arbeidsamt å samarbeide og utvikle dediserte turistprodukt. Fisketurisme passar i mange høve bra som attåttnæring.

6.2 Om deltaking i reiselivslag og selskap

Tabell 6-1 syner altså at hovudaktørgruppe 2 meiner at samarbeid er eit springande punkt for utvikling av ein meir kulturbasert fisketurisme. Ein slik påstand støttast og av tabell 5-6 i det førre kapittel. Ei form for formalisert samarbeid kan vere deltaking i reiselivsselskap og lag. I det fyljande vil eg presentere kva verksemdene meina om medlemskap i Reisemål Ryfylke A/S og Ryfylkeøyane Reiselivslag.

Reisemål Ryfylke A/S er eit reisemålselskap eigd av fem kommunar (ikkje Finnøy) og ca 160 reiselivsverksemder. Selskapet jobbar med marknadsføring og produktutvikling for heile Ryfylkeregionen (www.ryfylke.com). Ryfylkeøyane Reiselivslag er eit meir lokalt lag for Finnøy og Rennesøy som arbeider for marknadsføring av sine medlemmar. På spørsmål om korleis fisketurismeverksemdene såg på deltaking i desse organisasjonane kom det fram ulike syn på kva verksemdene fekk ut av medlemskapen.

Tabell 6-2 Fisketuristverksemdene om medlemskap i reiselivsorganisasjonar (eiga forskning)

Hovudaktørgruppe 1	Medlem av Reisemål Ryfylke A/S eller Ryfylkeøyane Reiselivslag	Kva får du ut av medlemskapen?
A	Ja	Viktig å marknadsføre verksemda
B	Ja	Viktig å marknadsføre verksemda
C	Nei	Har ikkje gjeve oss eit sal, melde oss ut
D	Ja	Får ikkje fleir gjester, støttemedlem
E	Ja	Får ikkje nok gjestar ut av det
F	Ja	Meiningsfullt om eg får gjestar ut av det
G	Ja	Har ikkje vore positivt overraska, er støttemedlem
H	Ja	Har nok gjestar, er støttemedlem

Tabell 6-2 syner først og fremst at målet med deltaking i desse organisasjonane er å få fleire gjestar. Dei fleste meiner at deltaking ikkje har gjeve noko ekstra sal i stor grad. Dei får

kundar på at turistane spreier ordet, eller gjennom byrå. Likevel meiner dei fleste at det er viktig å støtte opp under lokale organisasjonar.

Denne mangelen på kundar frå dei lokale reiselivsorganisasjonane kan tyde på at den fisketurismen som føregår, er eit generisk produkt som i hovudsak passar for utanlandske kundegrupper som kanskje er mindre kjøpesterke. På denne måten ser ein at det ikkje er ei total semje mellom hovudaktørgruppe 1 og 2 om kva fisketurisme skal vere, og kva type turisme som vert sett på som mest ynskja i kommunen. Dette støttast og av tabell 5-5 i førre kapittel som syner at fiskeressursen er den viktigaste bestanddelen for mange av fisketurismeverksemdene, og at fleire av verksemdene meiner at dei ikkje skil seg ut frå andre i same område.

Desse resultatata peikar i negativ retning når ein skal svare på om fisketurisme i Finnøy kommune kan danne grunnlag for ein type turisme med eit innhald som vil revitalisere eit spekter av lokale næringar. Likevel er fisketurisme ei næring som vert driven av mange, med god inntening. På denne måten er argumentet (1-3) enno stadfesta, men empirisk er det enno ikkje ei kopling mellom særtrekka til næringa og det lokale miljøet. I det neste kapittelet vert det forsøka å avdekke særtrekk ved fisketurismen, samt å sette desse særtrekka saman med det lokale miljøet som hovudaktørgruppe 1 og 2 utgjer.

7 Empirisk testing av den poststrukturelle produksjonskjeda

Som me såg i metodekapittelet, opnar kritisk realisme for abstrakt teorianalyse som ein forskingsmetode for å prøve å avdekke djupe strukturar og kausale samanhengar. Mitt bidrag i denne samanhengen er fokuset på den poststrukturelle verdikjeda. Kommersialisering av naturressursar i eit marknadsøkonomisk system meiner eg er ein varig struktur i vårt samfunn. Den poststrukturelle verdikjeda er eit dristig forsøk på avdekke denne strukturen sin konsekvens gitt dei nye mekanismar og omfordelingsprinsipp som fisketurismen introduserer.

7.1 Er turismeproduktet i dei undersøkte verksemdene basert på fisk?

Argumentet for å innlemme eit produksjonskjedeperspektiv på fisketurisme, er at dette er ei næring som baserer seg på fisk som råvare. NHO reiseliv definerer ei fisketurismeverksemd slik: ” *En fisketurismebedrift tilbyr opplevelser knyttet til fiske hvor turistene selv er den som fisker*” (www.fisketurisme.no). Jamfør det som er nemnd tidligare så oppgjev nesten alle respondentane i dei ulike verksemdene som driv med fisketurisme, at moglegheita for å få fisk er det aller viktigaste produktet dei har å tilby turistane. Vidare er det slik at det å få fisk er ei fullending av opplevinga. Det vil seie at moglegheita for å få fisk ikkje er ei oppleving god nok i seg sjølv, verksemdene opplever det som viktig for deira produkt at turistane er nøgd med mengda fisk dei får. Desse haldningane støttar altså den poststrukturelle produksjonskjeda sitt første premiss, fiskeressursen er den initierande ressursen som fisketurisme bygger på.

7.1.1 Turisten sin aktivitet

I teorikapittelet såg me at turisten si planlegging og gjennomføring av turistopplevinga liknar på ei verksemd sine vurderingar av produksjon og produktutvikling med tanke på å ferdigstille eit produkt, ut i frå dette vert omgrepa turismeproduksjon og turismekonsum skipa (Andersson, 2007).

Hovudtrenden som dei intervjuja verksemdene gjev uttrykk for er at alle gjestedøgn som vert tilbrakt av fisketuristar i Finnøy kommune er godt planlagt. Dei grunngev dette med at øy-

kommunen ikkje er noko naturleg "drop in" stad som er tilknytt ein stamveg. Informantane gjev og uttrykk for at fiske er ein aktivitet der det eksisterer mange ulike preferansar. Det er mange forskjellige ynske i høve årstid, båtstorleik, fangstutstyr og fasilitetar. Fisketuristane som vitjar dei ulike verksemdene har ofte planlagd turen eit år på førehand, og i mange tilfelle vert neste års ferie bestilt mens turisten er på staden. Fisketuristane driv med andre ord med det Andersson (2007) kallar turismeproduksjon. Den poststrukturelle produksjonskjeda hevdar nettopp dette at individuelle preferansar styrer aktiviteten på staden, og at strukturelle føringar for produksjon basert på fisk som rapportering, skattlegging og regulering vert unngått når fisk inngår i turismeproduksjon.

Turismekonsumet er sjølve opplevinga i turisten sitt førehandsbestilte prosjekt. Her oppgjev verksemdene igjen at det er individuelle preferansar som styrer aktiviteten. Som tilbydar av fiskeaktivitetar opplever verksemdene å få besøk av både profesjonelle fiskarar som ynskjer å fylle frysen, og familiar som dreg ut for å vere på sjøen og er nøgde med å få litt fisk. Nokre verksemdar kan tilby fasilitetar som kan "ta unna" store mengder fisk der fisketuristane har tilgang på sløyehallar og fryserom. Her vert store mengder fisk tatt med tilbake til heimstaden og porsjonert ut året til neste fisketur, eller seld vidare i heimlandet for å dekke inn delar av opphaldet.


Fisk er altså gjenstand for ei lang rekke brukardefinerte opplevingar, men felles for alle er at det nettopp er fiskeressursen som er utgangspunktet, og vidareforedlinga av fisken vert bestemt av kva type mål/oppleving kvar enkelt fisketurist vil ha.

7.2 Produksjonsmessige implikasjonar

Underproblemstillinga i denne oppgåva spør om ei alternativ forståing av produksjonskjeda innan turisme kan forklare generelle utviklingstrekk ved fisketurismeverksemdene i Finnøy kommune. Ut i frå dei verksemdene eg har fått informasjon frå, utkrystalliserer det seg ei felles meining, eller felles produksjonskonvensjonar rundt det å drive med fisketurismeproduksjon. Den poststrukturelle produksjonskjeda syner at det er tilrettelegginga av brukardefinerte aktivitetar basert på fisk som er utgangspunktet for inntening. Denne innteninga skjer ved at fisk inngår gratis, og vidare at fasilitetar vert tilbydd for å tene pengar på flest mogleg gjestedøgn. Dette betyr at for verksemdene er det gunstigast med flest mogleg

turistar over flest mogleg gjestedøgn. Sidan verksemdene har erfaring med at dette er eit sikkert konsept vil hovudfokuset vere på ei utviding av gjestedøgnkapasiteten. Dette vert og støtta av framtidsvisjonane som kvar enkelt verksemd har (tabell 5-7), utvidinga av aktivitet dreier seg først og fremst om auka kapasitet, eventuelle dediserte produkt må kome i tillegg til auka kapasitet.


Fokuset på kapasitet kan forklarast med at forholdet mellom innsats og utkome er relativt lineært med tanke på å bygge ut kapasiteten. Gitt at tilsiget av fisketuristar er konstant vil det vere rasjonelt å utvide talet på sengeplassar for å auke innteninga. Turismeproduksjon og turismekonsum er med den poststrukturelle verdikjeda vist å vere bestemt av turisten sine preferansar. Å skulle møte individuelle preferansar med å kommersialisere aktivitetane turisten føretek seg, medfører altså ei viss uvisse. Døme på dette kan vere å ta betalt for guida turar, eller å vere med ein lokal fiskar, oppleve lokale mattradisjonar, o.l. I samtale med informantane vert det klart ei forståing av at den innsatsen som vert kravd for å lage til eit tilbod utover det å tilby fasilitetar, ikkje står i forhold til den uvisse som det fører med seg med å treffe fisketuristen på sine preferansar. Denne haldninga kan kallast ein opplevingsspesifikk produksjonskonvensjon som er etablert blant fleire turistverksemder i undersøkingsområdet. Nedanfor er det laga ein enkel illustrasjon som forklarar uvisse rundt det å skulle raffinere turistproduktet sjølv, og forsvare den auka innsatsen med høgare prisar per gjestedøgn.



Figur 7-1 Illustrasjon av produksjonskonvensjon blant verksemdene (eiga forskning)

7. Empirisk testing av den poststrukturelle produksjonskjeda

Omgrepet innsats skal her forståast som kapital, tid og eigen arbeidsinnsats. Ein kan tenke seg at verksemd A baserer seg på fisketuristar og berre tilbyr hytte og båt. Viss ein ser for seg at etterspurnaden er større enn tilbodet i dette området, vil det å auke kapasiteten sikre høgare inntening, teoretisk sett vil høvet mellom innsats og inntening fylgje ei lineær kurve. Verksemd B har derimot investert tid og kapital i å tilknytte seg guidar og skipa ein del arrangement som vert seld til fisketuristane. Desse aktivitetane sel godt, og som ein ser, bidreg den ekstra innsatsen til ei inntening som overstig det verksemda ville tent ved å utvide talet sengeplassar. Verksemd C, derimot, har investert i aktivitetar som viser seg å vere vanskeleg å selje til fisketuristane. Resultatet for verksemd C er at fortienesta framleis aukar, men ikkje på same måte som ved å utvide talet på sengeplassar. Dette er sjølv sagt ein forenkla modell som utelet mange viktige faktorar, men likevel peikar den på ein terskel som det knyter seg produksjonskonvensjonar til. Terskelen består i overgangen frå eit standardisert turistprodukt til eit dedisert produkt som i større grad er prispiggitt turisten sine subjektive preferansar. Vidare syner det og hovudpoenget til den poststrukturelle produksjonskjeda, nemleg at turisten sjølv i stor grad bestemmer korleis fisketurismen utviklar seg.



Figur 7-2 Samanstilling av produksjonskonvensjon i figur 7-1 og empiri i tabell 5-7 (eiga forskning)

Figur 7-2 viser at produksjonskonvensjonen i figur 7-1 vert støtta av tabellen 5-7 der empirien syner oss at verksemdene vurderer sin eigen situasjon slik at det mest økonomisk rasjonelle å gjere er å utvide talet på sengeplassar, altså ein kapasitetsauke. Slik todeling av strategiar syner at fisketurisme er ei næring som kan skape verdiar lokalt, likevel er det ein stor

dynamikk i korleis fisketuristane som inntektsgrunnlag vert absorbert på staden. Tabellen i figur 7-2 syner to kategoriar, ein som fokuserar på kapasitetsauke og ein som ynskjer fleire aktivitetar for turistane. Min påstand er at eit fokus på kapasitetsauke vil aktivisere eit breiare spekter av lokale næringar, og såleis skape større lokale ringverknader. Ein slik påstand kan grunnjevast med Mehmetoglu (2007) si drøfting om direkte, indirekte og induserte effektar. Det vert hevda av Mehmetoglu at dersom fleire næringar vert aktivisert i turismeproduksjon, vil pengane generert av turisme sirkulere og fleire dra nytte av dei.

7.3 Hovudaktørgruppe 2 sitt syn på fisketurisme

Dersom det skal utviklast ei fisketurismenæring som aktiverer eit breiare spekter av næringar i Finnøy kommune, må fleire enn berre turistverksemdene støtte opp under ei slik haldning. Dei fylgjande hovudaktørane har ei rolle som gjer at dei har makt eller påverkingskraft i høve næringsutvikling og turisme i kommunen. Grunnen til at hovudaktørgruppe 2 sitt syn på fisketurisme vert innlemma i denne samanhengen er av både teoretisk og metodisk art. I fylgje det organisatoriske paradigmet til Crevoisier (2004) må fisketurismenæringa i Finnøy kommune vere organisert formelt eller uformelt på ein slik måte at produksjonsmiljøet møter moglegheiter og utfordringar med ei felles referanseramme for kva ein ynskjer å få til. Dette gjeld òg blant aktørar som ikkje direkte har eigeninteresse av turismeproduksjon, men og blant lokalpolitikarar og personar med makt til å påverke utviklinga av ein stad. Hovudaktørane som her er intervjua, er nettopp slike personar som ved sitt virke har formelle eller uformelle moglegheiter for å påverke ei utvikling.

”Fisketurisme har me frå Lindesnes til Nordkapp, det må me vekk i frå. Kvifor skal folk kome akkurat til Finnøy for å fiske? Lag heller noko som ingen andre har! Eg meiner at fisketurismen er vårt Grand Canaria (forstått som billeg masseturisme), det einaste dei konkurrere på er pris...” Hovudaktør J

”Turisme er ei næring i sterk vekst, og fisketurisme er ei turismeform som det går an å bygge vidare på, men det krev kompetanseheving for å kome vekk frå bi-næringspreget som fisketurismen i denne regionen har.” Hovudaktør I

7.3.1 Fisketurisme i administrasjon og lokalpolitikk

Respondentane frå kommuneadministrasjon og lokalpolitikarar ser fisketurisme som eit steg på vegen mot ein kommune som har eit breitt spekter av turistaktivitetar. Det vert gitt uttrykk for at Finnøy kommune har vore og er sterkt prega av å vere ein landbruk og havbrukskommune, der anna næringsaktivitet spring ut frå desse næringane. Det faktum at Finnøy kommune får eit fastlandssamband i 2009 meiner informantane skapar ein framtidsoptimisme i høve til næringsaktivitet på øyane, og turistnæringa er i ein særleg posisjon når det gjeld framtidig potensiale. I 2005 vart det starta eit reiselivsprosjekt i kommunen som hadde som mål å kartleggje reiselivsverksemdene for vidare å etablere nettverk mellom desse og utarbeide produktpakkar. Ein del av tanken bak eit slikt prosjekt er å gje reiselivsaktørane ei positiv oppleving av samarbeid og å auke kunnskapen rundt felles marknadsføring.

7. Empirisk testing av den poststrukturelle produksjonskjeda

Tabell 7-1 Politiske og administrative hovudaktørar sine haldningar til fisketurisme (eiga forskning)

Hovudaktørgruppe 2	Finnøy kommune har potensiale til å mangedoble talet på turistar som vitjar kommunen	Fisketurisme er det viktigaste turistsegmentet i den framtidige satsinga	Fisketurismen dannar grunnlag for annan økonomisk aktivitet i kommunen?	Fisketurismenæringa må i større grad kommersialisere andre lokale ressursar enn berre fisk?
I	Ja	Nei	Ikkje mykje	Ja
K	Ja	Nei	Ikkje mykje	Ja
M	Ja	Nei	Ikkje mykje	Ja

Dei intervjuja frå hovudaktørgruppe 2 meiner at fisketurismeverksemdene kan danne grunnlag for eit større turisttilbod med fleire typar aktivitetar, men dei saknar ei profesjonell storsatsing der nokre aktørar går inn for å utelukkande drive med turisme. ”Skal Finnøy kommune bli stor på turisme så kan ein ikkje berre drive turisme som attåttnæring. Det er ei førestilling om at ein kan få til reiseliv med venstrehandta heilt opp til departementsnivå.....Finnøy kommune slit med eit terskelproblem” Hovudaktør I.

Desse utsegna syner ei viss misnøye med aktiviteten i turismenæringa generelt, og peikar på at turisme vert sett på som ei attåttnæring. Denne misnøya rettar seg og mot fisketurismen. Det vert gitt uttrykk for at den forma for fisketurisme som vert driven rettar seg mot ei kjøpesvak gruppe som ikkje tar del i lokale tilbod og aktivitetar, og at dei legg att mindre pengar enn andre typar turistar. Likevel vert ikkje fisketurismen oppfatta som noko negativt, men det er sett på som ønskeleg at fisketurismen skal danne grunnlag for fleire typar aktivitetar der lokale kapasitetar i større grad vert involvert.

7.3.2 Fisketurisme og tilknytninga til andre næringar

I Ryfylkebassenget er det spesielt to andre næringar som nyttar arealet på sjøen i lag med fisketuristane, desse er havbruk (oppdrettsnæringa) og tradisjonelt fiske. Representantar for oppdrettsnæringa gjev uttrykk for at det lett kan oppstå situasjonar der fisketuristane sin aktivitet ikkje går overeins med det å drive oppdrett. Fiskeoppdretta har ei sikringsone som må overhaldast. Det hender at fisketuristane fiskar innanfor denne sona, og oppdrettarane må reise ut og vise dei vekk. Skulle fisketuristane rive hol i ein fiskemir med fiskereiskapen sin,

7. Empirisk testing av den poststrukturelle produksjonskjeda

er det likevel oppdrettet som må ta konsekvensane med rømd oppdrettsfisk. Denne arealmessige konflikten er ikkje stor, og informantane meiner å ha ein god dialog med fisketurismeverksemdene. Nokre fisketurismeverksemdar oppgjev at dei gjev ein klar instruks til sine turistar om å respektere sikringssona. Enkelte har òg innført sanksjonar som at båten til turistane vert inndregen viss dei får informasjon om at turistane har fiska for nær eit oppdrett.

Tabell 7-2 Andre marine næringar og haldninga til fisketurisme (eiga forskning)

Hovudaktørgruppe 2	Fisketurisme fører til store arealmessige konflikter på sjøen	Fisketuristane kan sameksistere med fiskeoppdrett og tradisjonelt fiske i regionen	Fisketurismenæringa må i større grad kommersialisere andre lokale ressursar enn berre fisk
L	Nei	Ja	Ja
M	Nei	Ja	Ja
P	Nei	Ja	Ja
O	Nei	Ja	Ja

Tabell 7-2 syner at dei andre næringane knytt til sjøområda i Finnøy kommune er samstemde i deira syn på fisketurismenæringa. Samtidig som fisketuristane representerer ein sikkerheitsrisiko for oppdretta, vert det likevel gitt uttrykk for at oppdrettsnæringa har mykje å vinne på å vere meir open mot folka i nærområdet, og at ein sameksistens med turistar ikkje fører til store arealmessige konflikter på sjøen.

Oppdrettsnæringa har stor økonomisk tyding for området i form av arbeidsplassar og produksjonsmessige ringverknader, men få veit kva som føregår på eit oppdrettsanlegg. I denne samanhengen er det starta eit forprosjekt som heiter "*Smykke på fjorden.*" Dette prosjektet har som mål å kople turisme og oppdrettsnæring for å sjå om det er mogleg å skape arbeid og interesse for turistaktivitet knytt til oppdrett. Det vert hevda at oppdrettsnæringa allereie har god erfaring med å vere vertskap. I samband med utanlandske kundar og verksemdsbesøk hender det ofte at det vert besøk på eit fiskeoppdrett. Denne vertskapsrolla er det oppdrettsnæringa sjølv som må stå for, men det er ynskjeleg å sette slik aktivitet vekk til andre slik at oppdrettarane kan få fokusere på det som vert oppfatta som viktigast, nemleg å drive oppdrettsverksemd i ein hardt konkurranseutsett marknad. Eit samarbeid mellom

turistnæringa og oppdrettsnæringa vil etter mi meining kunne utviklast til eit stadeige produkt. Sidan havbruk er ei dominerande næring i sjøområda, kan dette nyttast på ein positiv måte for å skape nye produkt. Som me ser er produksjonskonvensjonane til oppdrettsnæringa knytt til å drive fiskeoppdrett på ein mest mogleg lønsam og rasjonell måte, og turisme er absolutt ikkje hovudfokus. At nokre hovudaktørar grip tak i koplinga mellom turisme og oppdrett, vitnar om ei refleksiv haldning som kan resultere i nye produkt.

Ryggjabø vidaregåande skule som er Rogaland fylke sitt fiskerifaglege senter driv òg ein oppdrettslokalitet og produserer ca 750 tonn laks i året. Denne skulen har som mål å vere kompetanseleverandør til næringslivet i distriktet og ser også reiseliv knytt til det marine som eit vekstområde. Representantar frå skulen meiner at Ryggjabø vgs er i ein gunstig posisjon mellom marknad og det offentlege, og at dei kan vere med på å utvikle både oppdrettsnæring og turisme til aktørar som dreg nytte av kvarandre i kommersiell samanheng. Ein annan del av Ryggjabø vgs si verksemd er å drive ein lokal fiskebutikk som sel fiskeprodukt av lokale råvarer. Denne verksemda har auka oppslutnad både frå turistar og lokale innbyggjarar.

Det er ikkje mange som har tradisjonelt fiske som leveveg i Finnøy kommune. Dei fiskarane som driv fiske i Ryfylkebassenget meiner ikkje at den fisketurismen som eksisterar er negativ sjølv om enkelte sider ved fisketurismen har negative konsekvensar. Fiskarane får til tider store mengder fiskeslukar i garna dei set, og det medfører ein god del ekstra arbeid å fjerne desse. I nokre tilfelle kan og reiskapen verte skada av for mykje ”herjing” av slukar. Her meiner fiskarane at det burde gjevast betre informasjon til fisketuristane om korleis dei skal halde seg vekke frå garna. I tillegg til dette meiner fiskarane å sjå at ein god del fisk vert dårleg utnytta med tanke på kva delar av fisken som vert tatt vare på. Ein fiskar oppgjev at han har fått fisk i garnet der berre ryggfileten er fjerna og ser dette som ein konsekvens av 15 kilos kvota. Turistane tek berre med seg ryggfileten og fiskar i realiteten opp meir fisk enn før innføringa av kvotegrensa.



Bilete 7 Syner sløyemetode som i fylgje lokale fiskarar er dårleg utnytting av fisken (www.fisketurisme.no)

Fiskarane merkar òg at kunnskapsnivået om kvar ein får fisk og korleis ein fiskar ulike sortar fisk, er høgt hjå enkelte fisketuristar. Dette skuldast godt utstyr som digitale kart, gps, og ekkolodd, og at interessa for å fiske er særst høg hos enkelte fisketuristar.

Ein ser her at fisketurisme introduserer både moglegheiter og vanskar. Det gjennomgåande er likevel at hovudaktørgruppe 2 tilknytt sjøareala meiner det er rom for å vidareutvikle reiselivsprodukt tilknytt det marine i Finnøy kommune. Såleis er miljøet desse hovudaktørane representerer positive til fisketurisme som ein innfallsvinkel til å utvikle eit breitt reiselivstilbod basert på marine aktivitetar.

7.3.3 Fisketurisme og turismekompetanse

Den poststrukturelle produksjonskjeda slår fast at fisketurisme kan generere store verdier lokalt basert på fiskeressursen, men at dei lokale ringverknadane er prisgitt aktiviteten som vert generert i tillegg til det å fiske. Tidlegare her me sett at refleksive prosessar fordrar samhandling, difor er det interessant å innlemme hovudaktørar med turismekompetanse sitt syn på fisketurismenæringa og samarbeid.

Tabell 7-3 syner at informantane med turismekompetanse er samstemde når dei meiner at Finnøy kommune har eit enormt potensiale innanfor turisme, men det vert ikkje nytta fullt ut.

7. Empirisk testing av den poststrukturelle produksjonskjeda

Fisketurisme er ein relativ enkel form for turisme som høver seg som attåttnæring, men her ligg og problemet. Attåttnæringar vil aldri få ein tung profesjonalitet i høve produktutvikling og marknadsretting. Dette ser ein òg på bruken av byrå. I mange høve er det berre reisebyråa som har kontakten med turistmarknaden, mens hytteeigarane vert brukt som tilretteleggjarar. Dette er ikkje fordi hytteeigarane ikkje har evner til å gjere det sjølv, men fordi det er ein terskel som må passerast både arbeidsmessig og risikomessig med tanke på å sjølv vende seg mot marknaden. Dei fleste som driv med fisketurisme er ypparlege vertar med ressursar som hadde blitt godt tatt imot av turistar, men det er få som ser potensialet i å utvide verksemda med aktivitetar som er tidkrevjande og som involverar hytteeigaren i større grad.


Tabell 7-3 Hovudaktørar med turismekompetanse om fisketurismenæringa (eiga forskning)

Hovudaktørgruppe 2	Fisketurismeverksemdene er flinke til å samarbeide om marknadsføring	”Attåttnæringspreget” er ein hemske for ei vidare utvikling av marin turisme	Samhandling og spesialisering mot reiselivsmarknaden er ”vegen å gå”
I	Nei	Ja	Ja
K	Nei	Ja	Ja
N	Nei	Ja	Ja
Q	Nei	Ja	Ja

Tabell 7-3 syner at respondentane gjev uttrykk for at turisme som involverer turisten i ulike aktivitetar er på frammarsj, dette ser ein blant unge turistar som dyrkar ein aktiv livsstil og ynskjer å ta i bruk omgjevningane i større grad enn tidlegare. Fisketurisme vert gjeven ein mellomposisjon der opplevinga av å fiske er sjølv målet, mens omgjevningane og fasilitetane under opphaldet kjem i andre rekke. Det spesielle er at fiskeaktiviteten er gratis, mens det er opphaldet som kostar. Viss ein innfører ei avgift for å fiske i tillegg til prisen på opphaldet vil mange fisketuristverksemdar miste det naturlege konkurransefortrinnet dei har, og fisketuristar vil reise andre plassar. På den andre sida kan ein ikkje ha eit uavgrensa ressursuttak utanfor alle reguleringar.

7.4 Hovudaktørgruppe 2 sine konvensjonar rundt turismeproduksjon

Samanfattar ein haldningane til hovudaktørane i gruppe 2, og knyt desse haldningane saman med teorien om territoriale produksjonssystem og konvensjonar, utkrystalliserar det seg konvensjonar som forklarar korleis ei ønska utvikling av turismenæringa i Finnøy kommune skal vere. I fylgje Crevoisier (2004) seier det organisatoriske paradigmet noko om mekanismane som tillet eller hindrar koordinering mellom aktørar i eit produksjonsmiljø. Eg vil argumentere for at dei intervjuja hovudaktørane er del av turismeproduksjonsmiljøet i Finnøy kommune, og vidare at desse er med på å styre ei utvikling av miljøet. Konvensjonane er forventningar og rutinar som eksisterer innanfor dette miljøet. I modellen under er det skissert to aksar som illustrerer grad av spesialisering og grad av samhandling. Spesialisering skal i denne samanhengen forståast som ei turismeverksemd sitt fokus på produktutvikling og raffinering av desse. Mens samhandling skal forståast som kontakten dei ulike verksemdene har med kvarandre, og andre lokale næringar.



Figur 7-3 Hovudaktørgruppe 2 sine ynskje for lokal turismeproduksjon

Hovudaktørgruppe 2, meiner at dei fleste fisketurismeverksemdene held seg i kategori 1, altså liten grad av spesialisering og samhandling, og noko spesialisering, men fortsett liten grad av samhandling. Det som mogleggjer inndelinga i figur 7-3, er tabellane 7-1 til 7-3 som syner at desse hovudaktørane ser forholdsvis likt på fisketurisme, og kva produksjonssystem fisketurismen bør leie til. Idealverksemdene vil vere i kategori 2, med høg grad av samhandling og spesialisering. Igjen legg desse hovudaktørane den tradisjonelle produksjonskjeda til grunn, og meiner at fisketurisme bør leie til regional utvikling gjennom å

aktivisere støttenæringar slik at ein får spreining av den økonomiske aktiviteten slik som Mehmetoglu (2007) ser på turisme. På denne måten meiner dei at fisketurisme kan revitalisere staden og danne grunnlag for ny produksjon og vekst.

7.5 Rasjonalitet i høve turismeproduksjon

Historisk sett har produksjonsmiljøet i Finnøy kommune vore tilknytt primærproduksjon og fleirbruk. Me såg innleiingsvis at øy- bonden jobba både på garden og på sjøen. Og ut i frå mange sitt utsegn om ”å ha fleire bein å stå på,” kan det tyde på at ein fleirbruksrasjonalitet stadig ligg til grunn i høve folket si haldning til produksjon. Den poststrukturelle verdikjeda syner at produksjon innan fisketurisme legg større del av produksjonskjeda i hendene på turistane, med andre ord, at næringa i større grad er prisgitt individuelle preferansar hjå turisten. Vidare er det vist at inntekspotensialet vert meir usikkert i rettinga mot meir dediserte turistprodukt som ikkje har garantert inntekspotensialet. Ut i frå dei ovanemnde faktorane ser ein at det har danna seg ein produksjonskonvensjon i høve fisketurisme. Konvensjonen består i ei meir sikker drift ved auking av talet turistar. Dette vert forklart med at hovudproduktet, fisk og natur, er ein gratis innsatsfaktor, difor rettar ressursutnyttinga seg mot å legge til rette for fiskeaktiviteten.

Samstundes legg hovudaktørane i gruppe 2, som ikkje er direkte knytt opp mot næringa ein annan produksjonskonvensjon til grunn. Fisketurisme må verte ei næring som bidrar lokaløkonomisk i større grad enn den gjer, jamfør den tradisjonelle produksjonskjeda der eit område tek del i foredlinga av ein ressurs. På denne måten ser ein at det har utvikla seg to rasjonalitetar i høve fisketurisme.

7.6 Avsluttande drøfting

Til slutt vil eg prøve å oppsummere trådane som empirien syner oss. Dette vil eg gjere med å ta oppatt problemstillingane og argumentet som blei vist innleiingsvis.

Kan fisketurisme i Finnøy kommune danne grunnlag for turisme med eit innhald som vil revitalisere eit spekter av lokale næringar?

Og: ”Er fisketurismenæringa i Finnøy kommune ei refleksiv og stadeigen næring, og vil ei alternativ forklaring av produksjonskjeda innan turisme forklare utviklingstrekk blant fisketurismeverksemdene i Finnøy kommune?”

I etterpåklokskapens lys meiner eg at todelinga i underproblemstillinga ligg mykje tettare saman enn ein i starten skulle tru. For det første meiner eg å ha vist at ei alternativ forklaring av produksjonskjeda nettopp forklarar felles utviklingstrekk blant verksemdene, og for det andre må det å vere refleksiv og stadeigen forståast i lys av dei teoretiske implikasjonane som den poststrukturelle produksjonskjeda stiller.

Empirien syner at det i hovudsak har danna seg to typar forståingar av kva framtidig rolle fisketurisme skal ha i Finnøy kommune. Dei fleste verksemdene opplever at fisketurisme kan vere eit forholdsvis enkelt standardprodukt som gjev gode inntekter som attåttnæring, men og for dei som rettar seg mot den breie turistmassen. Dette er fordi fisk vert sett på som hovudproduktet, og dermed er hovudproduktet ein tilnærma gratis innsatsfaktor. For dei verksemdene som i hovudsak driv ein generisk form for produksjon, altså det enkle tilbodet med hytte og båt, vil det å vere refleksiv seie å dra nytte av den erfaringa og kunnskapen dei har med fisketuristar på ein slik måte at innteninga vert høgast mogleg, og det er det som vert gjort. Ein respondent uttala noko som kan vere teiknande for denne haldninga: ” *Hadde eg sagt til gjestane mine at denne dagen er sett av til guida tur rundt Finnøy, så måtte det vore tvang altså.....desse turistane er her for å fiske.*” Konvensjonen dei små verksemdene forsvarar er forholdet mellom innsats og inntening vist i figur 7-1 som forklarar fisketurisme som ei attåttnæring med relativt god inntening, men der vidareutvikling av verksemda vil gå på kapasitet og ikkje aktivitet.

I dei verksemdene som er større, og der informantane i større grad identifiserte seg med å vere ein turistprodusent, ser ein at konvensjonane rundt fisketurismeproduksjon går meir i retning av å utvide tilbodet med aktivitetar. Likevel syner tabellane 5-1 og 5-2 at verksemdene ikkje opplever det heilt store konsumet av aktivitetstilbodet frå fisketuristar. Ei mogleg forklaring er at dei aktørane som ikkje har turisme som attåttnæring, er forsvararar av ein annan type produksjonssystem, og der kunnskapen om å ta i bruk auka turisme er betre utvikla fordi turismeproduksjon som aktivitet er meir kjend. Desse store aktørane sitt syn på fisketurisme er og mest likt synet til hovudaktørgruppe 2. Hovudaktørgruppe 2 som ikkje er direkte knytt

opp mot næringa, men som representerer andre interesse i området, legg den tradisjonelle produksjonskjeda til grunn og meiner fisketurisme må danne grunnlag for støttenæringar på staden. Slike støttenæringar får ein ved å utvikle aktivitetar som går ut over det å fiske.

Teorien om lokale produksjonssystem hevder at det må eksistere ei semje mellom hovudaktørane på ein stad om kva produksjon som skal forsvarast for å skape ei solid næring. Diskusjonen over syner at det ikkje er semje mellom dei hovudaktørgruppene som er intervjuva i Finnøy kommune. Men denne usemja ligg ikkje i at aktørane ikkje er reflektiv og lar vere å orientere seg mot marknaden. Usemja ligg i kva fisketurisme skal vere og korleis den skal utviklast. Og denne usemja kan nettopp forklarast med den nye produksjonskjeda som syner at fisketurisme sjølv som enkel generisk produksjon, utan særleg marknadsføring av staden kan vere innbringande for dei som legg til rette for fiskeaktiviteten. Såleis synar både teori og empiri at fisketurisme som aktivitet ikkje nødvendigvis kan danne grunnlag for ein turisme med eit innhald som kan revitalisere eit spekter av lokale næringar, men at det likevel er mogleg å utvikle ein meir aktivitetsbasert turisme som kan generere større lokaløkonomisk aktivitet. Slik utvikling krev i fylgje hovudaktørgruppe 2 meir samarbeid, kjøpesterke turistar, og ei satsing på aktivitetsbasert turisme.

7.6.1 Stadeigen næring

Problemstillinga stiller og spørsmål om fisketurismenæringa slik den vert driven, kan kallast for stadeigen, i den tydinga at lokale eigenskapar og særtrekk vert marknadsført til fisketuristane. I tabell 5-5 såg me at det berre var to verksemdar som sjølv meinte dei skilde seg ut frå andre i området. Samtidig oppgjev dei fleste at det er fisken og det å fiske som er hovudproduktet i turistverksemda deira. Ut i frå desse faktorane vil eg seie at størstedelen av dei undersøkte verksemdene ikkje representerer ei stadeigen næring slik det er definert i teorikapittelet. Samtidig er det fleire som meiner at det å fiske i akkurat dei omgjevnadane som Finnøy kommune har, er eit stadeige produkt. Likevel vert ikkje dette kommersialisert på ein slik måte at det skaper ekstra inntekt til andre aktørar i området. Her vert det og vist den særeigne posisjonen som fisketurisme har. Naturen og fisken er produkt som er særst etterspurt, samtidig kommersialiserer ikkje verksemdene slik interesse på annan måte enn utleige av hytte og båt. Hovudaktørgruppe 2 meiner at denne interessa burde danne grunnlag for ein meir kulturbasert turisme etter modell av *Ryfylke Livsgnist*.

På same måte som to ulike konvensjonar knyter seg opp til kva produksjonssystem fisketuristar skal danne grunnlag for, ser ein at det og er usemje om kva ei stadeigen næring er. Hovudaktørane som ikkje er direkte knytt opp mot næringa meiner lokale særtrekk og kultur må marknadsførast slik at ein kan skape stadeigne unike produkt. Verksemdene som driv med fisketurisme meiner at omgjevnadane, det å fiske og oppleve naturen nettopp er stadeigne særtrekk og at det er noko av grunnen til at fisketuristane vel å vitje staden. Likevel kan slik produksjon berre kallast for generisk, fordi omgjevnadane og fiskeressursen er lik for alle.

Nok ein gang høver desse observasjonane inn i den poststrukturelle produksjonskjeda sine premiss om at det er fiskeressursen og opplevinga av det å fiske, som genererer økonomiske verdiar for fisketurismen. Argumentet innleiingsvis (s. 5) synest òg å vere forsvart av dei empiriske undersøkingane.

8 Konkluderande kommentar

Utgangspunktet for denne oppgåva er å prøve å seie noko nærare om produksjonsmiljøet for fisketurismeproduksjon i Finnøy kommune, og å avdekke visse eigenskapar ved fisketurisme som næring ved hjelp av abstrakt teoriutvikling. Innleiingsvis har eg vist korleis tenkinga om rural næringsverksemd har endra seg frå å vere strukturbestemt, til erkjenninga av at lokale høve set premiss for korleis ein stad sin produksjon utviklar seg. Vidare er det dradd fram ulike teoriar om kva eigenskapar aktørar på ein stad må inneha for å omstille seg og etablere produksjonssystem som kan spreie økonomisk aktivitet på ein best mogleg måte. Her er teorien om territorielle produksjonssystem sentral. Teorien drar fram hovudaktørar, altså sentrale personar sine haldningar som viktig for å skape semje om korleis næringsutvikling skal skje. Konvensjonar vert brukt for å analysere felles meiningar innanfor ulike grupper av aktørar, for å undersøke om fisketurisme vert oppfatta på same måte mellom dei som driv i næringa og dei som står utanfor.

Den poststrukturelle produksjonsskjeda er mi eiga teoriutvikling, basert på samanhengar eg forventar å finne, og undersøkingar som er gjort. Denne produksjonsskjeda er mogleggjort av det kritisk realisme kallar for abstrakt forskning, og må ikkje reknast som noko akseptert vitskapleg teori. Likevel peikar denne teoriutviklinga på sentrale tema når det gjeld fisketurisme som næringsveg. Fisketurisme har eit stort økonomisk potensiale lokalt.

Problemstillinga er forsøkt belyst av kvalitative metodar og stiller haldningar til produksjon opp som premiss for utvikling. Samtidig som det vert stilt spørsmål ved eigenskapane til fisketurismenæringa. Her kjem det fram at fisketurisme dannar grunnlag for ulike produksjonssystem og at hovudaktørane ikkje er samstemde når det gjeld korleis potensialet av auka turistaktivitet skal utnyttast. Det er og vist at fisketurisme ikkje aktivt aktiviserer stadeigne forhold på ein slik måte at det vert utvikla støttenæringar, men at naturen og fisken vert sett på som stadeigne produktet.

Slik situasjonen i Finnøy er skildra i denne oppgåva, meiner eg at hovuddelen av fisketurismenæringa som er undersøkt, ikkje dannar stort grunnlag for anna økonomisk

aktivitet på staden, men at denne aktiviteten kan utløysast ved betre samhandling mellom verksemdene og å auke fokuset på aktivitetsbasert turisme.

8.1 Forslag til vidare forskning

Ein heilt klar mangel ved arbeidet mitt er differensieringa av ulike typar fisketuristar, og brukarundersøkingar blant fisketuristane. Når eg nemner turistpreferansar i oppgåva, er det representantar frå verksemdene si oppfatting av turistane sine ynskje som vert attgjeve. På same måte som Borch (2004) meiner eg det hadde vore interessant å finne ut av kva fisketuristane er villeg til å betale for fiskeopplevinga, og kva turistar som eventuelt ville engasjert seg i andre aktivitetar enn berre fiske. Samtidig ville det vore interessant å lage ei meir kvantitativt retta undersøking på kva konkrete inntekter som vert skapt av den turistaktiviteten som føregår i mitt studieområde og differensiere mellom leigeinntekter på fisketuristar, og inntekter basert på aktivitetar tilrettelagd for fisketuristar. Slik undersøking vil kunne danne grunnlag for å seie noko meir handfast om kvifor fisketurisme i mange høve berre vert eit enkelt attåttnæringsprodukt.

Referansar:

- ANDERSSON, T. D. (2007) The Tourist in the Experience Economy. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 7, 46 - 58.
- BORCH, T. (2004) Sustainable management of marine fishing tourism. Some lessons from Norway. *Tourism in Marine Environments*, 1, 9.
- CAMAGNI, R., . ET AL (1991) *Innovation networks : spatial perspectives*, London ; New York, Belhaven Press.
- CRANG, P., GOODWIN, M. & CLOKE, P. J. (2005) *Introducing human geographies*, London, Hodder Arnold.
- CREVOISIER, O. (2004) The innovative milieus approach: Toward a territorialized understanding of the economy? *Economic Geography*, 80, 367-379.
- DICKEN, P. (1998) *Global shift : transforming the world economy*, New York, Guilford Press.
- DUNN, K. (2000) Interviewing. IN HAY, I. (Ed.) *Qualitative research methods in Human Geography*. Melbourne, Oxford University press.
- EDGINGTON, D. W. & HAYTER, R. (1997) International trade, production chains and corporate strategies: Japan's timber trade with British Columbia. *Regional Studies*, 31, 151-166.
- FLOWERDEW, R. & MARTIN, D. (1997) *Methods in human geography : a guide for students doing a research project*, Harlow, Longman.
- FLOYSAND, A. & JAKOBSEN, S. E. (2007) Commodification of rural places: A narrative of social fields, rural development, and football. *Journal of Rural Studies*, 23, 206-221.
- FOSSÅSKARET, E., AASE, T. H. & FUGLESTAD, O. L. (1997) *Metodisk feltarbeid : produksjon og tolkning av kvalitative data*, Oslo, Universitetsforl.
- FURRE, B. (2005) I Ryfylke- bispens rike. IN OLSEN, K. H. R. (Ed.) *Opplev Ryfylkeøyane*. Stavanger, Stavanger turistforening.
- HALFACREE, K. (1993) Locality and Social Representation: Space, Discourse and Alternative Definitions of the Rural. *Journal of Rural Studies*, 9, 23-27.
- HALLENSTVEDT, A., NORGES FORSKNINGSRÅD, NORGES FISKERIHØGSKOLE, NORGES FISKERIHØGSKOLE & FISKERI- OG HAVBRUKSNÆRINGENS

- FORSKNINGSFOND (2004) *Fritidsfiske i sjøen 2003 : rapport fra et prosjekt støttet av Fiskeri-og Havbruksnæringens Forskningsfond/Norges Forskningsråd*, [S.l.], [NFH].
- HALLENSTVEDT, A., WULFF, I. & NORGES TURISTRÅD (2002) *Turistfiske som inntektskilde : rapport utarbeidet for Norges Turistråd*, Tromsø, Norges Fiskerihøgskole / Universitetet i Tromsø.
- HANSEN, F. & SIMONSEN, K. (2004) *Geografiens videnskapsteori : en introducerende diskussion*, Roskilde, Roskilde Universitetsforl.
- HANSEN, J. C. & SELSTAD, T. (2003) *Regional omstilling : strukturbestemt eller styrbar?*, Oslo, Pensumtjeneste.
- HAYTER, R. (1997) *The dynamics of industrial location : the factory, the firm and the production system*, Chichester, Wiley.
- HELLEVIK, O. (2002) *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*, Oslo, Universitetsforl.
- KJELSTADLI, K. (1997) Å analysere skriftlige kilder. IN FOSSÅSKARET, E., AASE, T. H. & FUGLESTAD, O. L. (Ed.) *Metodisk feltarbeid: Produksjon og tolkning av kvalitative data*. Oslo, Universitetsforlaget.
- KVALE, S. (1997) *Det kvalitative forskningsintervju*, Oslo, Ad notam Gyldendal.
- LINDKVIST, K. B. (1996) Et teoretisk perspektiv på regional utvikling i en global verden: har distrikts-Norge en sjanse? *Nordisk Samhøllsgeografisk Tidsskrift*, 26-38.
- LINDKVIST, K. B. (2004) *Ressurser og omstilling : et geografisk perspektiv på regional omstilling i Norge*, Bergen, Fagbokforl.
- LINDKVIST, K. B. (2006) Myrdals lov om kumulativ kausalitet, Ubalanse og mangel på sjølstabilisering i økonomisk utvikling. IN LARSEN, S. U. (Ed.) *Teori og metode i geografi*. Bergen, Fagbokforlaget.
- LINDKVIST, K. B. & SANCHEZ, J. L. (2008) Conventions and Innovation: A Comparison of Two Localized Natural Resource-based Industries. *Regional Studies*, 42, 343-354.
- MAILLAT, D. (1998) From industrial district to innovative milieu: contribution to an analysis of territorialized productive organizations. *Geographische Zeitschrift*, 86, 1-15.
- MANSFELT, L. B. A. J. (2000) Writing In, Speaking Out: Communicating Qualitative Research Findings. IN HAY, I. (Ed.) *Qualitative research methods in Human Geography*. Melbourne, Oxford University press.

- MEHMETOGLU (2007) Gårdsturisme i en bredere reiselivs- og turistkontekst. IN RUSTEN, G., HEM, L. E. & IVERSEN, N. M. (Eds.) *Vårann med nye muligheter : ressurs- og opplevelsesbasert verdiskaping på vestlandsbygdene*. Bergen, Fagbokforl.
- OLSEN, K. H. R. (2005) *Opplev Ryfylkeøyene*, Stavanger, Stavanger Turistforening.
- PORTER, M. E. (1998) *Competitive advantage : creating and sustaining superior performance : with a new introduction*, New York, Free Press.
- SALAS, R. & STORPER, M. (1992) The 4 Worlds of Contemporary Industry. *Cambridge Journal of Economics*, 16, 169-193.
- SAYER, R. A. (1992) *Method in social science a realist approach*, London, Routledge.
- SKARTVEIT, A. (2005) Finnøy. IN OLSEN, K. H. R. (Ed.) *Opplev Ryfylkeøyane*. Stavanger, Stavanger Turistforening.
- STORPER, M. (1997) *The regional world : territorial development in a global economy*, New York, Guilford Press.
- SVARDAL, S. (2006) Kva er Ryfylke? Bø, Telemarksforsking-Bø.
- VATNE, E. (1995) Local Resource Mobilization and Internationalization Strategies in Small and Medium-Sized Enterprises. *Environment and Planning A*, 27, 63-80.
- WADEL, C. (1991) *Feltarbeid i egen kultur en innføring i kvalitativt orientert samfunnsforskning*, Flekkefjord, SEEK.
- WALLACE, A. F. C. (1956) Revitalization Movements. *American Anthropologist*, 58, 264-281.
- WINCHESTER, H. P. M. (2000) Qualitative research and its Place in Human Geography. IN HAY, I. (Ed.) *Qualitative research methods in Human Geography*. Melbourne, Oxford University Press.
- AASE, T. H. & FOSSÅSKARET, E. (2007) *Skapte virkeligheter : kvalitativt orientert metode*, Oslo, Universitetsforl.

Internett:

Desse lenkene er sist besøkt 11.5.2008

Statistisk sentralbyrå:

http://www.ssb.no/kommuner/hoyre_side.cgi?region=1141

Biomarin vekst:

<http://www.biomarinvekst.no/index.cfm?id=172813>

<http://www.biomarinvekst.no/index.cfm?id=181589>

<http://www.biomarinvekst.no/index.cfm?id=172815>

Finnøy kommune:

<http://www.finnoy.kommune.no/artikkel.aspx?AId=57&back=1&MId1=51&MId2=117>

<http://www.finnoy.kommune.no/artikkel.aspx?AId=299&back=1&MId1=51&MId2=397>

<http://www.finnoy.kommune.no/artikkel.aspx?AId=300&back=1&MId1=51&MId2=128>

NHO Reiseliv:

<http://www.fisketurisme.no/Default.aspx?pageid=754>

<http://www.fisketurisme.no/Default.aspx?pageid=756&sid=fisketurisme>

<http://www.fisketurisme.no/View.aspx?mid=608&itemid=14&pageid=755&moduledefid=55>

<http://www.fisketurisme.no/View.aspx?mid=608&pageid=755&moduledefid=55&itemid=18>

Ryfylke Livsgnist:

<http://www.ryfylkelivsgnist.no/vis/?kategori=Kva%20tilbyr%20me?>

<http://www.ryfylkelivsgnist.no/vis/?id=24&type=red>

Tomatfestivalen:

http://www.tomatfestivalen.no/sider/historikk_bakgrunn.html

<http://www.tomatfestivalen.no/sider/finnoy.html>

Grieg seafood:

<http://www.griegseafood.no/comweb.asp?ID=7&segment=1&session=>

Reisemål Ryfylke:

<http://www.ryfylke.com/Default.aspx?tabid=756&subtabid=1141>

I Rogaland:

http://www.ryfylke.no/ir/public/openIndex/view/list_ir.html?ARTICLE_ID=1032860843365

Norgeskartet:

<http://www.norgeskartet.no/norgeskartet/index.c?ps=5&n=59.2736176692465&s=59.1363126517816&e=6.0831936461282&w=5.62726996520426&panX=33&panY=151&tool=pan&scrollX=0&scrollY=0>

Fiskeridepartementet:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/dok/regpubl/stmeld/20042005/Stmeld-nr-19-2004-2005-/12.html?id=406765>

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/tema/Ressursforvaltning/Alle-kan-drive-fritidsfiske-i-Noreg.html?id=416263>

http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/dok/Veiledninger_og_brosjyrer/2006/Fisketurisme-i-Norge-utforselskvote-for-fisk-og-fiskevarer.html?id=88419

Fiskaren:

<http://www.fiskeribladetfiskaren.no/default.asp?side=101&lesmer=6886&base=>

NHO:

<http://www.nho.no/article.php?articleID=19201&categoryID=289>

Bileta på framsida av oppgåva er dels frå kommunen sitt eige hefte, og frå bt.no.

Vedlegg:

Intervjuguide fiskarar

Fortel litt om kven du er, og kva rolle du har høve fiskenæring i Finnøy.

Kvifor driv du med fiske? Kva fiskar du etter? Kva investeringar har du gjort?

Korleis har fiskenæringa i kommunen utvikla seg slik du ser det? Mottak? Kan du sei noko om mengda av fisk som vert fanga?

Korleis er samarbeidet i fiskenæringa i Finnøy? Kven samarbeider du med? Har det oppstått nye produkt/prosjekt som følgje av dette samarbeidet?

Korleis er samarbeidet med oppdrettsnæringa?

Er det noko som hindrar betre samarbeid?

Kva utfordringar ser du for fiskenæringa lokalt i Finnøy? Utfordringar internasjonalt?

Turisme

Turisme har av mange blitt gjeven rolla som redninga eller det nye satsingsområdet for distrikta, kva tankar har du om dette i forhold til Finnøy og fiskeri?

Ser du for deg måtar fiskenæringa kan dra nytte av turistar?

Meiner du at den turistaktiviteten som allereie eksisterar på nokon måte bidrar i positiv retning i høve fiskenæringa?

Kjenner du til samarbeid mellom fiskenæring og turistnæring?

Kan du skildre fiskeriorganisasjonane si haldning til fisketurisme?

Intervjuguide verksemder

Fakta om verksemda

Kan du fortelje litt om verksemda?

Etablering, tilsette, driftshøve (byrå eller eiga marknadsføring?), utlendingar eller norske turistar?

Rettar verksemda seg inn på eit spesielt segment av turistar, i så fall korleis?

Oppfatning av potensialet i næringa

Kvifor starta du med fisketurisme?

Turisme har av mange blitt gjeven rolla som redninga eller det nye satsingsområdet for distrikta, kva tankar har du om dette i forhold til Finnøy?

Korleis har utviklinga (utbygging, belegg, inntening) i di verksemd vore frå oppstart fram til no?

Ser du på utviklinga som tilfredsstillande for din del?

Samarbeid

Korleis er samarbeidet i turistnæringa i Finnøy? Kven samarbeider du med? Har det oppstått nye produkt/prosjekt som følgje av dette samarbeidet?

Er det noko som hindrar betre samarbeid?

Er du knytt opp mot nokon reiselivsorganisasjon?

Opplever du det som bra/meiningsfullt/givande å vere tilknytt ein reiselivsorganisasjon?

Marknadsorientering

Korleis marknadsfører du verksemda di?

Kvar eller korleis har du fått kunnskap om korleis ein marknadsfører reiselivsverksemd?

Kunne du tenke deg hjelp til marknadsføring?

Stad og tradisjon

På kva måte meiner du at lokale tradisjonar og kultur inngår i di reiselivsverksemd?

Trur du dette vert vurdert som viktig i turistane sitt val av feriestad?

Meiner du at di verksemd skil seg ut frå andre i området? Korleis?

Framtida

Korleis ynskjer du å vidareutvikle den verksemda du har i dag?

Kva utfordringar ser du i høve framtidig drift av ditt turistprosjekt (lokale og andre)?

I kva grad vurderer du å knyte lokale ressursar som eksisterer i området opp mot di verksemd (mat, turar, opplevingar, leige av tenester)? I så fall korleis?

Fisk

Kor stor tyding har fiskeressursen i ditt turistopplegg (marknadsføring, fasilitetar mat)?

Meiner du at det å ”få fisk” er ei viktig oppleving turistane får i ditt turisttilbod, kvifor?

Kva tilbakemeldingar får du på at turistane er nøgde med mengda av fisk dei får tak i?

Har du noko formeining om innføringa av kvotegrensa på 15kg har hatt noko å seie for verksemda di?

Merkar du nokon reaksjonar (positive negative) frå lokale fiskarar/oppdrettsnæring på at turistane fiskar? I så fall kva?

Intervjuguide Hovudaktørgruppe 2

Bakgrunn

Sei litt om jobben din, stilling/praksis/oppgåver osv

Utdanning, erfaring

Tilknytning til tema? Fisk/Oppdrett/Turisme/Org/Næring

Situasjon

Næringsutvikling i distrikta, kva har skjedd og kva skjer?

Korleis opplever du potensialet på staden?

Kvifor vert ikkje potensialet utløyst, meiner du?

Kva gjer du ut i frå din ståstad for å utløyse potensialet?

Turisme har av mange blitt gjeven rolla som redninga eller det nye satsingsområdet for distrikta, kva tankar har du om dette i forhold til Finnøy?

Utvikling/utbyggjing/etablerarar. Positivt?

Problem

Kva ser du på som dei største utfordringane i høve næringsutvikling i Finnøy? Kvifor?

Kva gjer kommunen for å møte desse utfordringane?

Samarbeid

Korleis er samarbeidet i turistnæringa i Finnøy?

Har det oppstått nye produkt/prosjekt som følgje av dette samarbeidet?

Er det noko som hindrar betre samarbeid?

Kva gjer kommunen for å betre samarbeidet?

Fiskenæringa/Oppdrettsnæringa?

Stad og kultur

Er det nokon lokale kulturtrekk eller eigenskapar ved samfunnet i Finnøy som gjer utslag i forhold til turisme og næringsutvikling?

Har blitt fortald: Kommunen ikkje flink tidlegare, med betre no. Kva ligg i det?

Skepsis til byfolk, fulle ferjer, kva ligg i det?

Bedehuskultur.